



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 96 L

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i opplæringslova og
privatskolelova (politiattest m.m.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4.4	Vurderingar og forslag frå departementet	21
2	Høring	6	5	Forslag om å lovfeste rett til utvida opplæringstid i private vidaregåande skolar	22
3	Forslag om endring i føresegnene om politiattest	8	5.1	Bakgrunnen for forslaget	22
3.1	Bakgrunnen for forslaget	8	5.2	Gjeldande rett	22
3.2	Gjeldande rett	8	5.3	Høringa	23
3.3	Høringa	9	5.3.1	Høringsforslaget frå departementet	23
3.3.1	Høringsforslaget frå departementet	9	5.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	23
3.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	10	5.4	Vurderingar og forslag frå departementet	23
3.3.2.1	Generelt	10	6	Forslag om oppdateringar i tilsynsføresegna som følgje av generell gjennomgåing av særlovsheimlar for statleg tilsyn med kommunane	25
3.3.2.2	Konsekvensar av merknader i politiattesten	10	6.1	Bakgrunnen for forslaget	25
3.3.2.3	Politiattest for dei som har budd i andre land	11	6.2	Gjeldande rett	25
3.3.2.4	Skoleliknande aktivitetstilbod	12	6.3	Høringa	26
3.3.2.5	Andre forhold i tilknytning til forslaget om politiattest	12	6.3.1	Høringsforslaget frå departementet	26
3.3.2.6	Alternativt forslag til lovformulering	13	6.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	26
3.4	Vurderingar og forslag frå departementet	13	6.3.3	Vurderingar og forslag frå departementet	27
3.4.1	Generelt	13	7	Forslag om endringar i § 1-2 andre ledd (tekniske endringar)	29
3.4.2	Konsekvensar av merknad i politiattesten	13	8	Økonomiske og administrative konsekvensar av forslagene	30
3.4.3	Politiattest for dei som har budd i andre land	15	8.1	Politiattest	30
3.4.4	Skoleliknande aktivitetstilbod	15	8.2	Fylkeskommunalt norsk vidaregåande tilbod i utlandet	30
3.4.5	Andre forhold i tilknytning til forslaget om politiattest	17	8.3	Rett til utvida opplæringstid i private vidaregåande skolar	30
3.4.6	Forskrifter	17	8.4	Oppdateringar i tilsynsføresegna som følgje av generell gjennomgåing av særlovsheimlar for statleg tilsyn med kommunane	30
3.4.7	Alternativt forslag til lovformulering	18	8.5	Tekniske endringar i opplæringslova § 1-2	30
4	Forslag om å lovfeste heimel om fylkeskommunalt norsk vidaregåande tilbod i utlandet	19			
4.1	Bakgrunnen for forslaget	19			
4.2	Gjeldande rett	19			
4.3	Høringa	19			
4.3.1	Høringsforslaget frå departementet	19			
4.3.2	Synspunkt frå høringsinstansane	20			

9	Merknader til lovforslaget	31	Forslag til lov om endringer i	
9.1	Endringer i opplæringslova	31	opplæringslova og privatskolelova	
9.2	Endringer i privatskolelova	33	(politiattest m.m.)	35



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 96 L

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.)

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet av 15. april 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Denne proposisjonen inneheld forslag til endringar i Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og i Lov 4. juli 2003 om private skolar med rett til statstilskott (privatskolelova).

Det blir foreslått desse endringane:

- I opplæringslova og privatskolelova: Justere reglane om politiattest i samsvar med ny politi-registerlov og innføre føresegner om politiattest for skoleliknande aktivitetstilbod som t.d. sommarskolar.
- I opplæringslova: Lovfeste heimel slik at fylkeskommunen etter søknad, kan få løyve til at dei står ansvarleg for norsk vidaregåande opplæring i utlandet som har til formål at elevane skal få norsk vitnemål.
- I privatskolelova: Lovfeste rett til utvida opplæringstid for elevar med spesialundervisning eller særskild språkundervisning i private vidaregåande skolar.
- I opplæringslova: Oppdatere tilsynsføresegna i samsvar med ny struktur for tilsynsordning, jf. Meld. St. 7 (2009–2010) *Gjennomgang av særlovshjemler for statlig tilsyn med kommunene* og kommunelova.
- I opplæringslova: Teknisk endring i § 1-2 andre ledd.

Bakgrunnen for forslaga er nærmare utdjupa i omtalen av kvar av dei.

Departementet tek sikte på at lovendringane blir sette i verk 1. august 2011.

2 Høring

Høringsbrev vedlagt høringsnotat med forslaget om å endre føresegnene i opplæringslova og privatskolelova vart sendt til høring 20. oktober 2010 med høringsfrist 10. januar 2011. I tillegg til dei forslaga som er omtalte i denne proposisjon, inneheldt høringsnotatet eit forslag om innføring av kompetansekrav for undervisning. Dette forslaget vil bli behandla i ein eigen proposisjon seinare.

Det kom inn ca. 120 høringssvar. Synspunkta frå høringsinstansane til dei enkelte forslaga er nærmare oppsummerte under omtalen av kvart forslag.

Høringsnotatet vart sendt til desse høringsinstansane:

Departementa
Fylkeskommunane
Fylkesmennene
Kommunane
Sametinget

Akademikerne
Aktive foreldre
Arbeidsgiverforening Spekter
Barneombodet
CULCOM v/UiO (Kulturell kompleksitet i det nye Norge)
Datatilsynet
Det Utdanningsvitenskaplege fakultet, UiO
Dysleksiforbundet
Eleveorganisasjonen
FAFO
Faglege råd v/ Utdanningsdirektoratet
Fellesorganisasjon for barnevernspedagoger, sosisonomer og vernepleiere
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH)
Hovedorganisasjonen for universitets- og høyskoleutdannede (Unio)
Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO)
Institutt for samfunnsforskning (ISF)
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen og myndighetene (KIM)
KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)
Landslaget Fysisk Fostring i Skolen
Landslaget for udelt og fådelt skole (LUFS)
Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Likestillings- og diskrimineringsombudet
Longyearbyen lokalstyre
Lærernes Yrkesforbund
Musikernes fellesorganisasjon (MFO)
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)
Nasjonal Senter for fleirkulturell opplæring (NAFO)
Nettverket av samfunnsvitenskapelige forskingsinstitutt
NIFU STEP
Noregs Forskingsråd
Norges Handicapforbund
Norsk Forbund for Utviklingshemmede (NFU)
Norsk foreldrelag for funksjonshemmede
Norsk Forbund for fjernundervisning
Norsk Innvandrersforum
Norsk Kulturskoleråd
Norsk Lektorlag
Norsk senter for flerkulturell verdiskaping
Norsk Skolelederforbund
Norsk Studentorganisasjon
NOVA
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Opplysningstjenesten for hjemmeundervisning
Private Barnehagers Landsforbund (PBL)
Private grunnskolar
Private vidaregåande skolar
Privatskoleorganisasjonane
Riksarkivet
Riksrevisjonen
Rådet for psykisk helse
Samarbeidsforum for estetiske fag
Samarbeidsforum for Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (SAFO)
Samnemnda for NF og NKF
Samordna opptak

SEFIA, Høgskolen i Oslo
Senter for interkulturell kommunikasjon
Senter mot etnisk diskriminering
Sivilombodsmannen
Skolenes landsforbund
Språkrådet
SRY v/ Utdanningsdirektoratet
Statens lånekasse for utdanning
Statens råd for funksjonshemma
Statistisk sentralbyrå (SSB)
Statlege grunnskolar og vidaregåande skolar
Sysselmannen på Svalbard

Utdanningsdirektoratet
Utdanningsforbundet
Utdanningsgruppene hovedorganisasjon
Utlendingsdirektoratet (UDI)
Universitet og høgsckolar
Universitets- og høgsckolerådet
VOX – vaksenopplæringsinstituttet
Vaksenopplæringsforbundet (VOFO)
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)

I tillegg har det vore kontakt med Sametinget. Det har ikkje vore naudsynt med konsultasjon.

3 Forslag om endring i føresegnene om politiattest

3.1 Bakgrunnen for forslaget

Stortinget vedtok 11. mars 2010 ny politiregisterlov til erstatning for strafferegistreringslova frå 1971. Departementet viser til Prop. 12 L (2009-2010), jf. Ot.prp. nr. 108 (2008-2009) og Innst. 139 L (2009-2010). Politiregisterlova skal avløyse strafferegistreringslova frå 1971 som hovudlova om m.a. politiattestar. Det er planlagt å setje lova i verk innan 1. april 2012, og ho vil innehalde dei sentrale og grunnleggjande føresegnene om politiattest.

Heimel for å krevje framlagd politiattest må likevel framleis takast inn i spesiallovgivinga. Det same gjeld kva konsekvensar merknader i ein politiattest skal få. Opplæringslova og privatskolelova som spesiallovgiving må derfor gjennomgåast med tanke på eventuelle tilpassingar til politiregisterlova.

Føresegnene om politiattest i opplæringslova og privatskolelova vil begge vise til politiregisterlova § 39 første ledd når det gjeld kva for merknader som skal gå fram av ein politiattest. Politiregisterlova § 39, som på denne måten blir ein del av spesiallovgivinga på skoleområdet, har vore til brei høring i regi av Justis- og politidepartementet og vil derfor ikkje bli nærmare kommentert her.

Oslo kommune har sett fram eit ønske om heimel for å kunne krevje politiattest av dei som blir tilsette i det årlege sommarskoletilbodet i Oslo kommune. Ein permanent heimel for dette finst ikkje i dag. Hittil har ein her frå år til år søkt dispensasjon etter ein snever unntaksheimel i forskrifta til strafferegistreringslova. Det har aldri vore meininga at denne skulle vere ein permanent heimel på området.

3.2 Gjeldande rett

Opplæringslova

Føresegnene om politiattest er teken inn i § 10-9 i opplæringslova. Første ledd i føresegna er retta mot grunnskolen. Her heiter det at den som skal tilsetjast i grunnskolen, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om den det gjeld, er sikta,

tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Er ein dømd for eit slikt overgrep, kan ein ikkje bli tilsette i grunnskolen.

I andre ledd i føresegna heiter det at kommunen, for grunnskolens vedkommande, også kan krevje framlagd politiattest for andre personar som regelmessig oppheld seg i skolen. Denne føresegna vart opphavleg innført for å kunne krevje politiattest også av personar som arbeider i skolefritidsordninga. For tilsette i skolefritidsordninga er det seinare gitt eigen heimel i opplæringslova § 13-7, sjå nedanfor. I dag antek departementet derfor at føresegna i § 10-9 andre ledd i staden er mest aktuell for andre som regelmessig oppheld seg i grunnskolen, som t.d. personar tilknytte vaktmeister-, reingjerings- og helsetenesta.

Tredje ledd i føresegna seier at den som skal tilsetjast i vidaregåande skole, også må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om den det gjeld, er sikta, tiltalt eller dømd for å ha gjort seksuelle overgrep. For vidaregåande opplæring er det ikkje krav om at det seksuelle overgrepet skal vere retta mot barn. På den andre sida er det for vidaregåande opplæring ikkje noko forbod mot å bli tilsette i skolen dersom ein er dømd for eit slikt overgrep. Kva konsekvensar eit slikt lovbrøt skal få i desse tilfella, er noko tilsetjingsmyndigheita må vurdere i kvart enkelt tilfelle.

Føresegnene om politiattest for tilsetjing i grunnskolen gjeld tilsvarande for tilsetjingar i skolefritidsordninga, i musikk- og kulturskolar og for leksehjelp. Dette følgjer av opplæringslova, høvesvis § 13-7 sjette ledd, § 13-6 andre ledd og § 13-7a tredje ledd.

Reglane om politiattest i opplæringslova § 10-9 gjeld også for private grunnskolar. Det følgjer av opplæringslova § 2-12.

Privatskolelova

For private skolar med rett til statstilskott følgjer kravet om politiattest av privatskolelova § 4-3. Føresegna er likelydande med opplæringslova § 10-9. For leksehjelp viser departementet til privatskolelova § 7-1e tredje ledd.

Forskrifter

Elles er det gitt utfyllande føresegner i kap. 15 i forskrifta til opplæringslova og i kap. 8 i forskrifta til privatskolelova. Her er det teke inn føresegner om innhaldet i politiattestar, framgangsmåten ved utlysing av stillingar der det er stilt krav om politiattest, behandlinga av politiattestane og om teieplikt.

Tilbod utanom opplæringslova og privatskolelova

Føresegnene om politiattest i opplæringslova er ikkje gjorde gjeldande for tilsetjingar ved tilbod som eksempelvis Oslo kommune sitt årlege tilbod om sommarskole. Departementet kan heller ikkje sjå at andre føresegner kan brukast som permanent heimel for å krevje politiattest i desse tilfella. I § 12 nr. 5 i forskrifta til strafferegistreringslova heiter det at Politidirektoratet i "andre tilfelle" kan samtykkje til at det blir utferdta politiattest. Dette er ei unntaksføresegn som sjeldan blir brukt, og der ein er avhengig av å innhente samtykke frå Politidirektoratet i kvart enkelt tilfelle. Heimelen er hittil brukt for dei årlege sommarskoletilboda i Oslo kommune.

Strafferegistreringslova/politiregisterlova

Det er gitt generelle føresegner om politiattestar i strafferegistreringslova. Sjølv om strafferegistreringslova i dag er gjeldande rett på området, er politiregisterlova likevel omtalt her fordi denne er vedteken og planlagd sett i verk innan 1. april 2012. Politiregisterlova inneheld m.a. moderniserte og betydeleg omarbeidde reglar om vandelkontroll og politiattestar.

Kva for brot etter straffelova det skal opplyst om i politiattestar for personar som skal ha omsorg for eller oppgåver knytte til mindreårige, følgjer av politiregisterlova § 39 første ledd. Dette er avgrensa til straffbare forhold som blir sedde som relevante med sikte på å verne barn og unge, fortrinnsvis seksual-, valds-, rans- og narkotikabrotsverk. Føresegnene i politiregisterlova må takast omsyn til når dei samla krava til politiattest skal vurderast. Kor lenge ein merknad skal gå fram av politiattesten, går eksempelvis fram av politiregisterlova §§ 40 og 41.

Heimelsgrunnlaget for å kunne krevje politiattest må derimot framleis regulerast i spesiallovgevinga, t.d. opplæringslova og privatskolelova.

For politiattestar gjeld altså både reglar i den generelle lovgivinga – i dag strafferegistreringslova, seinare politiregisterlova – og reglar inn-

tekne i spesiallovgevinga – på vårt område opplæringslova og privatskolelova.

3.3 Høringa

3.3.1 Høringsforslaget frå departementet

Opplæringslova

Høringsforslaget frå departementet inneheldt for det første tilpassingar til ny politiregisterlov av opplæringslova sine føresegner om politiattest. Politiregisterlova er vedteken, men er enno ikkje sett i verk.

I høringsforslaget frå departementet vart det foreslått at det i opplæringslova § 10-9 vart teken inn ei tilvising til politiregisterlova § 39 første ledd. Dette er gjort for å vise til dei straffeføresegnene som det til kvar tid skal vere opplyst om i politiattestane. Blir det gjort endringar i politiregisterlova om dette, unngår vi gjennom denne tilvisingsmetoden å måtte endre vårt lovverk tilsvarende. Dette inneber per i dag at fleire lovbrota vil bli nemnde på politiattestane enn etter gjeldande rett, dvs. også grov valds-, rans- og narkotikakriminalitet. Departementet har elles lagt til grunn at det ikkje ligg føre "særlige grunner", jf. politiregisterlova § 39 andre ledd, som tilseier at færre eller fleire straffeføresegner bør gå fram av politiattestar etter opplæringslova og privatskolelova enn det som går fram av politiregisterlova § 39 første ledd.

Vidare vart det yrkesforbodet i grunnskolen for dei som har gjort seg skuldige i seksuelle overgrep mot barn, foreslått vidareført i høringsforslaget. Ordet "barn" er vidare skifta ut med ordet "mindreårig" for betre å harmonisere med ordbruken i politiregisterlova. Men denne endringa er ikkje meint å innebere noka realitetsendring.

Det vart vidare foreslått at politiattest kan krevjast av den som blir tilsett i skoleliknande aktivitetstilbod, dvs. aktivitetstilbod i regi av kommune eller fylkeskommune med karakter av opplæring, eksempelvis kommunal sommarskole. Politiiattesten skal ha same innhald som politiattest kravd av den som blir tilsett i t.d. ein grunnskole. I tillegg vart det foreslått at kravet til politiattest også skal gjelde den som regelmessig oppheld seg i eit slikt aktivitetstilbod utan å vere tilsett der. Det vart foreslått yrkesforbod tilsvarende det som gjeld for grunnskolen og ein forskriftsheimel. Yrkesforbodet vil også gjelde dei som t.d. i ein sommarskole underviser elevar frå vidaregåande skole. Det er strengare enn det som gjeld i ordinær vidaregåande skole. Det vart foreslått slikt

fordi det i ein sommarskole lett kan tenkjast tilfelle der same person skal undervise elevar på ulike alderstrinn. Dette er vurdert som mindre praktisk i ordinær skole.

Forskriftsheimelen vart foreslått beholden som før. Dessutan vart det foreslått ein del mindre justeringar for å ajourføre tilvisingar i § 13-6 om musikk- og kulturskolar og i § 13-7 om skolefritidsordning etter ny § 10-9.

Utover dei konkrete forslaga vart også spørsmålet om å innføre krav om butid for dei som ikkje kan leggje fram politiattest frå Noreg eller frå eit EØS-land, omtalt i høringsforslaget. Det vart bedt om synspunkt på dette med tanke på ein vidare prosess felles med andre departement for å utarbeide parallelle reglar.

Privatskolelova

Privatskolelova § 4-3 vart foreslått endra tilsvarende som § 10-9, sjå ovanfor. Desse to føresegnene er parallelle. Det er likevel to mindre forskjellar frå føresegna i opplæringslova § 10-9. Den eine er at styret etter § 4-3 har kompetanse til å krevje framlagd politiattest, ikkje kommunen eller fylkeskommunen. Den andre er at skoleliknande aktivitetstilbod etter § 4-3 må vere i regi av skoleeigaren for den private skolen, ikkje i regi av kommunen eller fylkeskommunen.

3.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

3.3.2.1 Generelt

Det er motteke ca. 120 høringsfråsegner. 73 høringsinstansar har ingen kommentarar til forslaget.

13 høringsinstansar støttar forslaget utan nærare grunngiving. Desse er Likestillings- og diskrimineringsombodet, Telemark fylkeskommune, Aurskog-Høland, Horten, Kristiansand, Meland, Skien, Stjørdal og Tromsø kommunar, Norsk Lektorlag, Skolenes landsforbund, Akademikerne og Norske Fag- og Friskolers Landsforbund.

32 høringsinstansar støttar forslaget, mange rett nok med atterhald, endringsforslag eller nærare kommentarar. Desse er Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Utlendingsdirektoratet, Datatilsynet, Barneombodet, Fylkesmannen i Hedmark, Nord-Trøndelag, Oppland og Østfold, Buskerud, Nordland og Troms fylkeskommunar, Arendal, Bergen, Giske, Haugesund, Karasjok, Nittedal, Oslo, Stavanger og Ås kommunar, LO, NHO, KS, UNIO, Utdanningsforbundet, Norsk

Skolelederforbund, Universitets- og høgskolerådet, FUG, Universitetet i Agder, NTNU, Høgskolen i Bergen og Fagleg Råd for Service og samferdsel.

To høringsinstansar støttar delar av forslaget, men har nokre kritiske innvendingar. Desse er Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen i Rogaland. Førstnemnde fremjar også eit alternativt forslag (sjå punkt 3.3.2.6 nedanfor).

3.3.2.2 Konsekvensar av merknader i politiattesten

Dei høringsinstansane som har uttalt seg om dette, gir tilslutning til at yrkesforbodet for seksuelle overgrep mot barn skal beholdast i grunnskolen, skolefritidsordninga, musikk- og kulturskolar og leksehjelpa.

Somme høringsinstansar meiner at yrkesforbodet må utvidast til også å gjelde vidaregåande opplæring. Dette blir grunnitt med at omsynet til sikring av elevar også for denne aldersgruppa må vege tyngre enn at nokre personar vil bli ute-stengde frå yrkeslivet og dermed mister sitt høve til resosialisering.

Ein høringsinstans ønskjer yrkesforbod også i vidaregåande opplæring fordi det finst skolar med både ungdomstrinn og vidaregåande opplæring. Det blir hevda at det ved desse skolane vil vere uhensiktsmessig med ulike reglar om konsekvensane av merknader i politiattestane. Andre meiner ei slik utviding er naturleg fordi det blir foreslått yrkesforbod for skoleliknande aktivitetstilbod anten desse gjeld for elevar i grunnskolen eller i vidaregåande opplæring. Forslaget inneber strengare reglar om politiattest for skoleliknande aktivitetstilbod enn i ordinær skole. Om dette seier *NTNU* i si høringsfråsegn:

”Pedagogisk institutt foreslår her en utvidelse av det generelle yrkesforbudet for personer som har anmerkning om seksuelle overgrep mot barn, til også å gjelde for arbeid i videregående opplæring. Pedagogisk institutt mener det er lite tilfredsstillende at et slikt generelt yrkesforbud skal gjelde for skolelignende aktivitetstilbud som for eksempel kommunale sommerskoler for elever i videregående skole, men ikke for arbeid i det ordinære skoletilbudet.”

Universitetet i Agder hevdar at det kan vere problematisk for ei tilsetjingsmyndigheit å ta stilling til om det skal leggjast vekt på ein merknad, og i så fall kva vekt. Det blir her peika på den vanskelege

avveginga mellom på den eine sida behovet for lærarar og på den andre sida behovet for vern mot ein stillingssøkjar med alvorlege merknader i politiattesten. Om dette heiter det i høringsfråsegna:

”Vi bifaller at antallet lovovertrедelser på politiattestene blir utvidet. Men det er problematisk at konsekvensene av eventuelle anmerkningar skal avgjöres av ansettende myndigheter. Vi frykter at akutte behov for lærere vil kunne overskygge alvorlige merknader.”

Eit anna spørsmål er om yrkesforbodet skal utvidast i grunnskolen, skolefritidsordninga, musikk- og kulturskolar og leksehjelpa til å gjelde for andre merknader enn seksuelle overgrep mot barn. Her gir høringsinstansane tilslutning til departementet sitt forslag om at dette må det overlatast til tilsetjingsmyndigheita i kvart enkelt tilfelle å ta stilling til, dvs. same ordning som gjeld for vidaregåande opplæring.

Utdanningsdirektoratet peikar på at det kan vise seg nødvendig med kunnskap om strafferetten for den som skal tilsetje ein person. I høringsfråsegna om dette heiter det:

”Det fremgår av Ot.prp. nr. 108 (2008-2009) at konsekvensene av anmerkningar på politiattesten må fastsettes i særlovgivningen. Departementet foreslår å videreføre yrkesforbudet når personen er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige. Direktoratet er enig i dette, men er usikker på om de som skal tilsette en person er kjent med hvilke bestemmelser dette er. I gjeldende § 10-9 og forskrift til opplæringsloven § 15-2 er dette enkelt i og med at politiattesten kun inneholder anmerkninger knyttet til om vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn. Ved utvidelsen av bestemmelser som skal anmerkes på politiattesten (nå skal det i tillegg til seksuelle overgrep mot barn også anmerkes om vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot voksne, volds- og ransforbrytelser eller grov narkotikakriminalitet), er det vanskeligere for skoleeier å avgjøre om forholdet som er anmerket kvalifiserer til yrkesforbud. Dette krever kjennskap til strafferetten. Det vil trolig være nødvendig med veiledning i etterkant til skoleeier om hvilke bestemmelser det er i opplistingen som vil føre til yrkesforbud.”

Bergen kommune ønskjer sentrale retningslinjer frå styresmaktene, slik at ei tilsetjingsmyndigheit

kan få rettleiing om korleis ein skal gå fram når det skal tilsetjast nokon med merknader i politiattesten.

Somme ønskjer omgrepet ”mindreårig” fjerna frå lova. I høringa har departementet foreslått at dette skal erstatte omgrepet ”barn” for betre å komme i harmoni med ordbruken i ny politiregisterlov. Dette inneber inga realitetsendring. *Fylkesmannen i Rogaland* seier følgjande om det i høringsfråsegna:

”I forslaget til § 10-9 i opplæringslova og tilsvarende § 4-3 i privatskolelova vert ordet ”mindreårig” nytta. Fylkesmannen i Rogaland meiner at det eksisterande tilsetjingsforbodet i grunnskolen bør utvidast til òg å gjelde vidaregåande skolar i høve til seksuelle overgrep mot mindreårige, i og med at det etter lova vil vere mindreårige elevar òg i vidaregåande skole.

Fylkesmannen i Rogaland vil streke under at elevar i vidaregåande skole framleis er i ein sårbar alder. Dei vaksne som arbeider der, vil ofte vere autoritetspersonar i høve til elevane. Det vil derfor vere viktig at elevane kan kjenne seg trygge på at ingen av dei som arbeider i vidaregåande skole er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige.”

3.3.2.3 *Politiattest for dei som har budd i andre land*

Det er stor tilslutning mellom høringsinstansane til at spørsmålet om innføring av føresegnar om butid bør vurderast gjennom eit interdepartementalt arbeid for å oppnå felles reglar gjeldande for fleire sektorar.

Somme høringsinstansar ønskjer krav om butid innført i lova, da dei meiner at omsynet til barna uansett må vere heilt avgjerande. Andre meiner det er urettferdig at somme må dokumentere sin vandel gjennom politiattest for å få ei stilling i skolen, medan andre kan bli tilsette pga. butid, men utan vandelsklarering gjennom politiattest.

Enkelte høringsinstansar peikar på at det vil vere fordelaktig med eit krav om butid, fordi dei aktuelle personane etter gjennomført butid betre vil beherske det norske språket.

Somme høringsinstansar fryktar at ei stor arbeidsgruppe gjennom ei føresegn om butid kan bli utelukka frå arbeidslivet. Dette, blir det hevda, vil vere uheldig i ei tid med lærarmangel ein del stader, og fordi særleg ein del innvandrarar vil bli ramma. Dette er ei gruppe arbeidssøkjarar som

allereie har ein del problem på arbeidsmarkna-
den.

Andre høringsinstansar understrekar det vik-
tige i å ha gode rutinar for den avveginga som her
må gjerast mellom motstridande omsyn.

Somme høringsinstansar meiner ein god nok
sikringsventil er lagd inn i politiregisterlova sitt
system gjennom kravet om at butid kan krevjast
når "vesentlige samfunnsmessige hensyn" tilseier
det.

Andre høringsinstansar er opptekne av kor
viktig det er å vurdere kva som skal liggje i dette
omgrepet.

Barneombodet peikar spesielt på det behov
barna har for vern, og at dette omsynet må vege
tyngre enn andre omsyn som resosialisering, per-
sonvern og ressursar. I høringsfråsegna frå Bar-
neombodet blir det vist til FN's Barnekonvensjon
art. 3 om omsynet til barnet som eit grunnleg-
gjande prinsipp, og til same konvensjon art. 19
som understrekar at alt må gjerast for å verne
barn mot vald og overgrep.

Utdanningsdirektoratet har peika på at det i
høringsforslaget burde ha vore vist til dei krava
som er stilte til politiattest i samband med god-
kjenning av utanlandsk lærarutdanning. Denne
godkjenningsordninga blir handtert av direktora-
tet.

3.3.2.4 Skoleliknande aktivitetstilbod

Høringsinstansane har gjennomgåande stilt seg
positive til forslaget om å innføre krav om politi-
attest i slike tilbod. Somme har komme med forslag
til endringar i forslaget.

Mange høringsinstansar er opptekne av at
omgrepet "skoleliknande aktivitetstilbod" må bli
tydeleg presisert, slik at det ikkje herskar tvil om
kva som ligg i omgrepet.

Buskerud fylkeskommune seier at det må gå
klart fram at omgrepet skal gjelde også tilbod i
feriar.

KS peikar i høringsfråsegna på at skolelik-
nande aktivitetstilbod må omfatte tilbod til elevar
og lærlingar ved nærmare oppgitte skoleslag.

Utdanningsdirektoratet hevdar at omgrepet er
utfordrande, særleg når det gjeld tilsyn, og at det
derfor må leggjast ein del arbeid i å avgrense det
nærmare. Direktoratet hevdar også at omgrepet
bør omfatte leksehjelp frå femte årstrinn og opp-
over. Vidare foreslår direktoratet at "i tilknytning til
skolen" bør tilføyast i sjølve lovteksten.

Fylkesmannen i Oppland meiner at lovverket
må trekkje opp ei fornuftig grense mellom på den
eine sida dei som innehar ein profesjonell eller

assisterande rolle i aktivitetstilbodet, og på den
andre sida foreldre eller andre pårørende som er i
kontakt med barna i samband med tilbodet.

Datatilsynet peikar i høringsfråsegna på at for-
slaget frå departementet ikkje vil innebere noka
endring i rettstilstanden i praksis. Grunnen er at
det i dag er heimel i forskrifta til strafferegistre-
ringslova for å gjere unntak for sommarskolar o.l.

Fleire høringsinstansar sluttar seg til departe-
mentet sitt syn – at det hadde vore mest formål-
stenleg med ei felles regulering på området for
fleire sektorar, t.d. i forskrifta til politiregisterlova.

3.3.2.5 Andre forhold i tilknytning til forslaget om politiattest

Om verkeområdet for lova har *Fylkesmannen i
Østfold* uttalt:

"Vi vil imidlertid peke på at forslaget etter vår
vurdering er med på å synleggjøre behovet for
en ny vurdering av opplæringslovens virkeom-
råde. I § 1-2 heter det (noe forenklet) at loven
gjelder grunnskoleopplæring og vidaregåande
opplæring i offentlige skoler og lærebedrifter,
private grunnskoler som ikkje mottar statstil-
skudd etter privatskoleloven og privat hjemme-
undervisning i grunnskolen.

Opplæringsloven omfatter etter hvert
mange aktiviteter som ikkje regnes som opplæ-
ring, bl.a. skolefritidsordning, leksehjelp og
musikk- og kulturskoler. Forslaget til endrin-
ger i §§ 10-9, 13-6, 13-7 og 13-7a bringer spørs-
målet om lovens virkeområde opp på nytt."

Utdanningsdirektoratet peikar på at overskrifta til
kapittel 10 i opplæringslova er for snau med ordly-
den "Personalet i skolen", når det blir foreslått at
politiattest også skal kunne krevjast for "skolelik-
nande aktivitetstilbod". Direktoratet foreslår at
"m.v." blir tilføydd i overskrifta. Samtidig blir det
foreslått at kapitteloverskriftene i opplæringslova
og privatskolelova på dette området blir gjorde
likelydande, utan at dette er meint å innebere rea-
litetsendringar.

Nittedal kommune peikar på, som eit adminis-
trativt problem, at det er lang saksbehandlingstid i
politiet. Dette har til følgje at det blir vanskeleg å
skaffe politiattest i ein del saker, t.d. der ein raskt
skal tilsetje ein vikar på korttidsengasjement.

Somme høringsinstansar ønskjer gjennom
reglane om politiattest å få silt ut personar som er
rekna for uskikka til lærarutdanning.

Ein høringsinstans ønskjer at rusmisbruk skal
gå fram av politiattesten.

Utdanningsdirektoratet er kritisk til at "skoleliknande aktivitetstilbod" blir regulerte i privatskolelova. I høringsfråsegna står det om dette:

"Når det gjelder forslag til endringer i § 4-3, bør departementet vurdere om privatskoleloven i det hele tatt bør omhandle "skoleliknande aktivitetstilbod". Det vises til privatskoleloven § 2-2 første ledd om at skolen ikke har anledning til å drive annen virksomhet enn skole i samsvar med privatskoleloven. Slik aktivitet vil fordre dispensasjon etter § 2-2 første ledd, siste punktum. Dersom departementet velger å fastholde forslaget foreslår direktoratet at det presiseres i § 4-3 at det skoleliknende aktivitetstilbudet ikke må være i strid med privatskoleloven § 2-2 første ledd."

Fleire høringsinstansar peikar på at førebyggjande arbeid, bevisstgjeriing, opplæring, det å vere kontinuerleg årvaken for å sikre barn, samt gode rammer for eit trygt og ope læringsmiljø, er viktigare enn politiattestar aleine.

Eit par høringsinstansar peikar på at reglane om politiattest også må gi vern om vaksne, ikkje berre barn/mindreårige. I høringsfråsegna frå KS heiter det om dette:

"KS støtter forslaget om å opprettholde det eksisterende yrkesforbudet om at personer som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige, ikke skal kunne tilsettes i grunnskolen. Departementet foreslår å endre ordlyden fra "barn" til "mindreårig". Opplæringsloven omfatter også voksenopplæring, herunder spesialundervisning for voksne. KS mener at enkelte voksne, ikke minst voksne som mottar spesialundervisning, vil kunne ha behov for det samme vernet som mindreårige. KS ber derfor departementet vurdere om det vil være hensiktsmessig å ta inn en formulering om dette i loven."

Utdanningsdirektoratet har foreslått at det bør lovfestast krav om politiattest for personar som blir tilsette for å gi spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7, og seier om dette i høringsfråsegna:

"Direktoratet mener også at det bør lovfestes krav om politiattest for personer som tilsettes for å gi barnet spesialpedagogisk hjelp etter opplæringsloven § 5-7. Det minnes om at spesialpedagogisk hjelp også kan gis utenfor barnehagen og i disse tilfeller kommer ikke kravene

om politiattest i barnehageloven til anvendelse. Dette kan særlig være aktuelt ved bruk av assistenter m.v."

3.3.2.6 *Alternativt forslag til lovformulering*

Utdanningsdirektoratet har fremja eit alternativt forslag til lovformulering da det meiner at lovgivingsteknikken på dette området i opplæringslova og privatskolelova har gitt eit fragmentarisk og uoversiktleg lovverk, og seier om dette i høringsfråsegna:

"Krav om politiattest i forbindelse med virksomhet etter opplæringsloven er regulert i opplæringsloven §§ 10-9, 13-6, 13-7 og 13-7a. Paragraf 13-6, 13-7 og 13-7a inneholder henvisning til § 10-9 for henholdsvis musikk- og kulturskolen, SFO og leksehjelp på 1.-4. årstrinn. Resultatet av dette er at hjemmelsgrunnlagene for når det kan og skal kreves politiattest er spredt i ulike bestemmelser i opplæringsloven og det er vanskelig å få oversikt over de ulike bestemmelsene i opplæringsloven som regulerer politiattest.

Direktoratet mener også at dersom krav om politiattest kun er regulert i en bestemmelse i opplæringsloven vil det være enklere for skoleeier og for politiet som skal utstede politiattester å få oversikt over når det foreligger hjemmel til å kreve politiattest etter opplæringsloven. Det vil også være enklere lovteknisk i forhold til forskrift til politiregisterloven og oversikten over bestemmelser i særlovgivningen her dersom det ikke er mange bestemmelser som må henvises til."

3.4 **Vurderingar og forslag frå departementet**

3.4.1 **Generelt**

Høringsinstansane har i hovudsak støtta forslaget om å justere føresegnene om politiattest i samsvar med ny politiregisterlov. Nedanfor vil departementet sjå nærmare på høringsfråsegnene knytte til dei ulike delane av lovendringsforslaget.

3.4.2 **Konsekvensar av merknad i politiattesten**

Kva konsekvensar ein merknad i politiattesten skal få, må regulerast i spesiallovgivinga. Opplæringslova og privatskolelova har i dag føresegner om at seksuelle overgrep mot barn skal medføre

forbod mot tilsetjing i grunnskolen. Det same gjeld for skolefritidsordninga, musikk- og kulturskolar og leksehjelpordninga.

For vidaregåande opplæring er ordninga ei anna. Her er det opp til tilsetjingsmyndigheita om ein merknad i ein politiattest skal få betydning i ei konkret tilsetjingssak.

Talet på lovbrøt som skal medføre merknad i politiattestane, vil gjennom den foreslåtte tilvisinga til den nye politiregisterlova § 39 første ledd bli utvida. Også grov valds-, rans- og narkotikakriminalitet skal medføre merknad. I høringa reiste departementet spørsmålet om dette medfører behov for endring i regelverket om kva konsekvensar ein slik merknad i politiattesten skal få i ei tilsetjingssak.

Ingen høringsinstansar har teke til orde for å utvide yrkesforbødet til å gjelde også for andre regelbrøt enn seksuelle overgrep. Men i høringa er det peika på at ei tilsetjingsmyndigheit kanskje ikkje vil vite kva straffebod som gjeld seksuelle overgrep, og kva straffebod som gjeld andre regelbrøt. Dette er likevel eit praktisk forhold som kan løysast gjennom informasjon og rettleiing.

Når det gjeld andre regelbrøt, er det derfor foreslått at vedkommande tilsetjingsmyndigheit sjølv må avgjere kva konsekvensar eit lovbrøt skal få. På den måten skjer inga automatisk utestenging frå arbeidsforhold i skolen i fleire tilfelle enn i dag. Samtidig vil ei tilsetjingsmyndigheit, m.a. gjennom tilsetjingsintervju og andre undersøkingar, kunne gjere seg nærmare kjend med bakgrunnen til den som blir tilboden ei stilling. På den måten kan ulike omsyn bli tekne vare på gjennom ei totalvurdering i kvart enkelt tilfelle.

Når det gjeld yrkesforbødet i grunnskolen, meiner somme at dette hindrar overgripingar frå resosialisering og tek frå dei sjansen til å komme tilbake i arbeid. Departementet understrekar at eit slikt forbod berre hindrar aktuelle lovbrøtalar i å få tilsetjing i grunnskolen, skolefritidsordninga, musikk- og kulturskolar og leksehjelpa. Det er ikkje til hinder for annan type arbeid. Departementet ser på seksuelle overgrep mot barn som svært alvorleg og som klart diskvalifiserande frå arbeid i grunnskole, skolefritidsordning, musikk- og kulturskole og leksehjelp. Dette er stader der nettopp mange barn oppheld seg over lange periodar.

Departementet ønskjer derfor å halde fast ved ordninga med at seksuelle overgrep mot barn framleis skal føre til tilsetjingsforbod i grunnskole, skolefritidsordning, musikk- og kulturskole og leksehjelp.

I høringsfråsegnene er det frå somme hald teke opp at yrkesforbødet bør utvidast til å gjelde også i vidaregåande opplæring. Dette er grunnleggjande med at det må leggjast større vekt på omsynet til å sikre også disse elevane, enn på omsynet til å opne opp yrkeslivet for fleire søkjarar. Departementet er samd i at omsynet til elevane, uansett alder, har stor betydning. Dette omsynet kan det likevel takast vare på gjennom ei grundig vurdering frå tilsetjingsmyndigheita si side i kvart enkelt tilfelle. Dette har vore den ordninga som tilsynelatande har fungert tilfredsstillande i ei årrekke. Departementet understrekar også at elevane i vidaregåande opplæring er eldre, også etter kvart over 18 år, og såleis i større grad enn elevar i grunnskolen kan ta vare på seg sjølv.

Somme har peika på at det for skolar som har både ungdomstrinn og vidaregåande opplæring er uhensiktsmessig med yrkesforbod i grunnskolen, men ikkje i vidaregåande opplæring. Departementet meiner at sjølv om dette i enkelte tilfelle kan opplevast upraktisk, så er det få slike skolar. Dette aleine kan ikkje leggjast til grunn for å utvide yrkesforbødet.

Eit ønske om å utvide yrkesforbødet er av somme høringsinstansar grunnleggjande med at det er stor lærarmangel ein del stader, og at det derfor kan vere problematisk for ei tilsetjingsmyndigheit å stenge ute ein lærar pga. ein merknad. Av rekrutteringsomsyn vil kanskje læraren i nokre tilfelle bli tilsett trass i at vedkommande ikkje burde vore tilsett, og omsynet til elevane vil komme i andre rekkje. Departementet har likevel tillit til at tilsetjingsmyndigheitene lokalt vil gjere ei trygg avveging av motstridande omsyn i slike tilfelle. Det kan neppe dreie seg om mange tilfelle i praksis der ei slik problemstilling kjem på spissen. Departementet kan derfor ikkje gå inn for å utvide yrkesforbødet av desse grunnane.

Ein høringsinstans peikar på behovet for å innføre sentrale retningslinjer for den interesseavveginga ei tilsetjingsmyndigheit må gjere dersom ein søkjar har merknader i politiattesten. Departementet har tru på at tilsetjingsmyndigheitene framleis kan gjere slike vurderingar utan sentralt fastsette retningslinjer.

Ein høringsinstans ønskjer ”mot mindreårige” fjerna frå lovføresegna, slik at seksuelle overgrep, uansett om dei er mot ein mindreårig eller ikkje, inneber yrkesforbod. Det er grunnleggjande med at alle seksuelle overgrep er alvorlege. Dette vil innebære ei skjerping i høve til dagens reglar. Seksuelle overgrep mot andre enn barn vil kunne spenne over seksuelle handlingar med svært varierende alvorsgrad. Alle slike, også dei mindre

alvorlege, vil i så fall gi yrkesforbod. Departementet meiner at ei slik ordning vil bryte heilt med gjeldande rett på området, og kan ikkje gi tilslutning til ei slik utviding av yrkesforbodet. Eit slikt forslag har dessutan heller ikkje vore til høring.

I høringsfråsegnene er det også vist til at det er unaturleg med strengare krav til politiattest i skoleliknande aktivitetstilbod enn i ordinær skole. Det blir her vist til at yrkesforbod ikkje gjeld vidaregåande opplæring, men er foreslått å skulle gjelde for skoleliknande aktivitetstilbod anten dei blir tilbodne i samband med grunnskole eller vidaregåande. Departementet ser at dette isolert sett kan verke unaturleg. Det er likevel grunnlagt med at det bør vere ein regel for alle skoleliknande aktivitetstilbod – både av praktiske omsyn og fordi det vil kunne vere felles tilbod på tvers av aldersgruppene/skolane. Dessutan vil ein lærar, t.d. på ein sommarskole, kunne få oppgåver for elevar både i grunnskolen og i vidaregåande opplæring. Med ein regel for alle skoleliknande aktivitetstilbod er det mest naturleg å ha tilsvarande regel som for grunnskolenivå fordi det er grunn til å tru at det vil vere fleire tilbod for barn i denne aldersgruppa.

På bakgrunn av det ovannemnde held departementet fast ved det forslaget som vart fremja i høringa. Det inneber at yrkesforbodet ved seksuelle overgrep mot barn blir foreslått halde oppe i grunnskolen, skolefritidsordninga, musikk- og kulturskolane og i leksehjelpa. Dessutan er det foreslått innført for skoleliknande aktivitetstilbod. Det er ikkje foreslått utvida til å gjelde for vidaregåande opplæring, heller ikkje for andre overgrep det er merknad om i politiattesten. Her er det foreslått same ordning som i vidaregåande opplæring i dag, nemleg at her skal tilsetjingsmyndigheita vurdere i kvart enkelt tilfelle kva betydning ein merknad i politiattesten skal få. I vidaregåande opplæring gjeld dette også for seksuelle overgrep mot barn.

3.4.3 Politiattest for dei som har budd i andre land

Opplæringslova og privatskolelova krev at den som skal tilsetjast i skolen, må leggje fram politiattest. Det er ikkje sagt noko nærmare om forholdet når den som skal tilsetjast, har budd i eit anna land, og om eventuelle politiattestar utferda i andre land. Dagens strafferegistreringslov seier heller ikkje noko om dette.

Etter hovudregelen i den nye politiregisterlova § 36 skal ein basere seg på opplysningar som kjem fram av den norske attesten. Etter § 36 nr. 1 er

politiattest utferda i eit anna EØS-land likestilt med norsk politiattest. Dette har samband med plikter Noreg har etter EØS-avtalen. Her heiter det at EØS-borgarar ikkje skal diskriminerast, og at politiattestar utferda i deira heimland må godtakast. Det blir vist til at det i desse landa finst forholdsvis pålitelege system for registrering av strafferettslege reaksjonar, og vidare at straffelovgivinga i desse landa i stor grad er samanfallande med den norske.

I politiregisterlova § 36 nr. 3 siste punktum heiter det vidare at det i lov eller forskrift gitt i medhald av lov kan stillast krav om inntil fem års butid i Noreg dersom det i samband med vandelskontroll ikkje kan leggjast fram politiattest som nemnt i første ledd nr. 1, og dersom vesentlege samfunnsmessige omsyn tilseier det.

Krav om butid er inngripande, og politiregisterlova krev også at "vesentlege samfunnshensyn" tilseier det før eit slikt krav kan innførast. Dersom det skal innførast lovreglar i spesiallovgivinga om butid som alternativ til politiattest, synest det naturleg at identiske eller likelydande reglar blir innførte på ulike sektorar. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har i eit høringsbrev våren 2010 med forslag til endringar i reglane om politiattest på barnevernsområdet gitt uttrykk for at spørsmålet om å innføre krav om butid mest hensiktsmessig bør vurderast samla for alle område der slik politiattest er kravd. Departementet er samd i dette og fremja derfor i høringsbrevet sitt ikkje forslag til nye føresegner på dette området. Men departementet oppfordra høringsinstansane til å komme med synspunkt på dette temaet. Departementet har derfor referert ein del av dei synspunkta som kom fram om dette under høringa, sjå punkt 3.3.2.3 ovanfor.

Sidan departementet ikkje har fremja noko forslag på dette punktet, men avventar eit seinare arbeid på området, blir det både unødvendig og uhensiktsmessig å kommentere og vurdere særskilt synspunkt frå dei enkelte høringsinstansane her. Departementet vil likevel ta innspela med i det vidare arbeidet med dette spørsmålet.

3.4.4 Skoleliknande aktivitetstilbod

Det har vore reist spørsmål om å innføre i opplæringslova og privatskolelova ein eigen heimel for å krevje politiattest framlagd av personar som blir tilsette i skoleliknande aktivitetstilbod. Oslo kommune sitt sommarskoletilbod er eit eksempel på eit slikt tilbod.

Departementet ser her behovet for krav om politiattest. Dei som blir tilsette i slike aktivitetstil-

bod, får like stor og nær kontakt med mindreårige som tilsette i skolar, skolefritidsordningar, musikk- og kulturskolar og leksehjelptilbod. Det er såleis dei same omsyna og dei same avvegningane som gjer seg gjeldande her som ved krava om politiattest i skolesektoren generelt.

Ein lovheimel i opplæringslova og i privatskolelova om politiattest i samband med denne typen tilbod bør etter departementet si vurdering omfatte alle aktuelle skoleliknande aktivitetstilbod i regi av kommunar, fylkeskommunar og private skoleeigarar, ikkje berre sommarskolar. Opplæringslova og privatskolelova bør ikkje regulere forhold som ikkje har noko med skole å gjere i det heile teke. Skoleliknande aktivitetstilbod må derfor avgrensast mot andre og reine fritidstilbod som det ikkje er naturleg med eigne føresegner om i opplæringslova og privatskolelova. Det bør etter departementet sitt syn ikkje leggjast opp til innføring av føresegner om politiattest i opplæringslova og privatskolelova om aktivitetstilbod med avgrensa eller inga tilknytning til skole. Departementet meiner derfor at ein lovheimel om politiattest her altså bør gjelde "skoleliknande aktivitetstilbod". Dette er presisert i forslaget til lovtekst til å vere "aktivitetstilbod i regi av kommune eller fylkeskommune med karakter av opplæring". Det avgjerande for kva som skal falle inn under omgrepet må vere at det gjeld fritidsaktivitetar som blir arrangerte i regi av skoleeigar som kommune og fylkeskommune, eventuelt privat skoleeigar, og har nær tilknytning til skolen. Det må vere eit tilbod med karakter av opplæring, og vere slik utforma at det gir noko fagleg kompetanse, men det må ikkje stillast strenge krav til det faglege innhaldet, heller ikkje med tanke på kva ein kan sjå på som fag.

Av ein høringsinstans er det peika på at det i sjølve lovteksten bør gå fram at tilbodet skal ha tilknytning til skole. I høringsforslaget nøyde departementet seg med å nemne dette i omtalen av lovføresegna. Departementet har komme til at dette med fordel kan takast inn i sjølve lovteksten.

Somme høringsinstansar har peika på behovet for at omgrepet "skoleliknande aktivitetstilbod" må vere presist og tydeleg, bl.a. at det må gå klart fram at det også skal gjelde i feriar. Departementet er samd i at omgrepet må gjerast mest mogleg tydeleg både i sjølve lovteksten og i merknadene, sjølv om det ikkje er mogleg å gi noka konkret opplisting av kva som er omfatta og kva som ikkje er. Det er ikkje tvil om at omgrepet skal omfatte tilbod som blir gitt i skoleferiar. Oslo kommune sitt sommarskoletilbod er nettopp eit eksempel på dette.

Av ein høringsinstans er det peika på at det må gjelde tilbod til elevar og lærlingar ved nærmare oppgitte skoleslag. Departementet meiner det er uhensiktsmessig å nemne konkrete skoleslag. Skoleliknande aktivitetstilbod er tilbod ein skole, kommune eller fylkeskommune tilbyr, der barn og unge i ordinær skolealder vil vere målgruppa, og der tilbodet skal ha eit skoleliknande innhald. Reine vaksentilbod, dvs. tilbod målretta til dei som normalt er ferdige med ordinær vidaregåande opplæring, vil ikkje vere omfatta. Leik- og fritidstilbod utan tilknytning til skole vil heller ikkje vere omfatta.

Ein høringsinstans har peika på at omgrepet også bør gjelde for leksehjelptilbod frå femte årstrinn og oppover, fordi slik leksehjelp ikkje er lovregulert. Departementet er samd i at slike leksehjelptilbod som blir gitt i regi av skole, kommune eller fylkeskommune, vil vere omfatta av omgrepet *skoleliknande aktivitetstilbod*.

Ein høringsinstans har foreslått at lovverket må seie klart frå om kven som i det skoleliknande aktivitetstilbodet skal avkrevjast politiattest og kven som ikkje skal det. Det må her skiljast mellom den som har ein profesjonell og assisterande rolle på den eine sida og kven som på den andre sida berre medverkar som forelder eller annan type av pårørande. Departementet sluttar seg til at det er den som skal tilsetjast, engasjerast eller på annan måte av tilbydaren bli gitt oppgåver i tilknytning til tilbodet, som skal avkrevjast politiattest. Foreldre, pårørande eller andre som berre er til stades og i avgrensa grad hjelper til, vil falle utanfor den gruppa det kan krevjast politiattest av.

Departementet ser, som somme peikar på, at omgrepet kan vere utfordrande m.a. når det gjeld tilsyn. Tydeleggjering av omgrepet i lov og lovforarbeid vil såleis også vere til hjelp i samband med tilsynsfunksjonar.

I høringsforslaget har departementet peika på at ei alternativ og meir hensiktsmessig løysing kunne ha vore å regulere skoleliknande aktivitetstilbod i ei generell forskriftsføresegn i medhald av politiregisterlova. Ei slik føresegn kunne ha omfatta særtilfelle på fleire område enn opplæringsområdet og fungert som ei fellesføresegn. Ei slik samleføresegn kunne ha gjort lovregulering i kvar enkelt særlov unødvendig.

Enkelte høringsinstansar støttar departementet sitt syn på at det ideelle hadde vore ei felles regulering av dette for fleire sektorar, f.eks. i forskrifta til politiregisterlova. Departementet får likevel støtte for å foreslå eigne føresegner om dette i eiga lovgiving så lenge slik felles forskriftsregulering ikkje finst. All den tid ei slik forskrift

ikkje ligg føre eller er foreslått, meiner departementet det er hensiktsmessig med ei eiga lovregulering for sitt område.

På bakgrunn av det som har komme fram på dette punktet i høringsfråsegnene, vil departementet halde fast ved det forslaget som vart sendt til høring om å utvide politiattestkravet til også å gjelde for skoleliknande aktivitetstilbod. Lovteksten blir foreslått ytterlegare presisert ved at det blir teke inn eit krav om tilknytning til skole.

3.4.5 Andre forhold i tilknytning til forslaget om politiattest

Under høringa er det komme fram synspunkt om ein del forhold der det ikkje var bedt om innspel.

Ein høringsinstans peikar på at høringsforslaget aktualiserer spørsmålet om å sjå på verkeområdet til lova på ny, m.a. fordi lova etter kvart omfattar ein del andre aktivitetar enn dei som fell inn under § 1-2 om verkeområdet. Departementet ser problemstillinga det blir peika på. Dette er likevel eit omfattande og sentralt spørsmål som i så fall må vurderast og hørast som ei eiga problemstilling.

Utdanningsdirektoratet peikar på at det bør tilføyast *m.v.* i kapitteloverskrifta både til kap. 10 i opplæringslova og til kap. 4 i privatskolelova. Sidan skoleliknande aktivitetstilbod nå blir ein del av lova, sluttar departementet seg til dette.

Enkelte høringsinstansar foreslår at reglane om politiattestar skal vere ei hjelp til å sile ut personar frå lærarutdanninga. Departementet merker seg synspunktet, men reglane om politiattest i opplæringslova og privatskolelova har eit anna siktemål enn å regulere kven som skal få utdanne seg til lærar. Departementet kan derfor ikkje slutte seg til forslaget. Det har heller ikkje vore til høring.

Ein høringsinstans ønskjer at rusmisbruk skal føre til merknad i politiattesten. Rusmisbruk må sjåast som eit relativt bagatellmessig brot på straffelovgivinga, i alle høve samanlikna med dei brot som følgjer av politiregisterlova § 39. Merknad om eit slikt lovbrot vil derfor bryte sterkt med politiregisterlova sitt system. Departementet kan derfor ikkje slutte seg til dette forslaget.

Av ein høringsinstans er det hevda at skoleliknande aktivitetstilbod ikkje bør regulerast i privatskolelova, sidan private skolar ikkje skal drive anna verksemd enn skole utan dispensasjon. Der som det likevel blir regulert i privatskolelova, blir det peika på at det i lova klart må gå fram at det skoleliknande aktivitetstilbodet ikkje må vere i strid med privatskolelova § 2-2 første ledd. Sidan

dispensasjon etter lova kan givast, meiner departementet at politiattest for skoleliknande aktivitetstilbod også bør inngå i privatskolelova. Eit eventuelt skoleliknande aktivitetstilbod må sjølv sagt ikkje bryte med privatskolelova § 2-2 første ledd. Ei føresegn om politiattest for slike tilbod inneber inga endring i føresegnene elles i lova om høve til å tilby dette. Departementet finn det unødvendig å lovregulere at andre føresegner i lova må haldast, da dette uansett vil gjelde.

Somme høringsinstansar peikar på andre forhold som dei reknar med har større betydning enn politiattestar aleine – førebyggjande og haldningsskapande arbeid, bevisstgjerig, gode rammer osv. Departementet er samd i at desse forholda er viktige.

I høringa er det også peika på behovet for å verne om vaksne gjennom reglane om politiattest. Det blir spesielt peika på vaksne som får spesialundervisning. Departementet ser at det kan tenkjast tilfelle der vaksne kunne ha behov for eit vern som nemnt. Men departementet meiner at dette betre kan løysast gjennom tiltak som er nemnde ovanfor, nemleg førebyggjande arbeid, bevisstgjerig, kontinuerleg årvakenheit og gjennom grundige tilsetjingsprosessar. Eit forslag om ei slik utviding har heller ikkje vore til høring.

Ein høringsinstans meiner at politiattest også bør krevjast av dei som gir spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 når slik hjelp blir gitt utanfor barnehagen. Da vil ikkje føresegnene i barnehagelova om politiattest gjelde. Men opplæringslova § 10-9 om politiattest vil gjelde for dei som gir slik spesialpedagogisk hjelp og som er tilsette i grunnskolen, jf. Ot. prp. nr. 46 (1997-98) s. 184. Noko slik hjelp blir likevel gitt også utanfor skolen, t.d. i sosiale og medisinske institusjonar. Departementet ønskjer ikkje no å utvide kravet om politiattest til også å omfatte dei som gir slik hjelp og er tilsette utanfor skole og barnehage. Dette kjem dels av at forholdet ikkje har vore til høring, dels av at det som ledd i oppfølginga av NOU 2009:18 *Rett til læring* blir vurdert om opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder skal flyttast til barnehagelova.

3.4.6 Forskrifter

Føresegnene om politiattest i kap. 15 i forskrifta til opplæringslova og kap. 8 i forskrifta til privatskolelova vil bli ajourførte og harmoniserte med endringar foreslått i lovverket. I dag inneheld dei nemnde forskriftsføresegnene kva straffebod som skal førast i politiattestane. Dette er no teke inn i

politiregisterlova § 39 første ledd, som det er foreslått at opplæringslova § 10-9 og privatskolelova § 4-3 skal vise til, og det må såleis takast ut av forskrifta.

Det er teke sikte på at endringane i forskriftene vil bli sette i verk samtidig med lovendringane. Forslag om endringar i forskriftene er sendt på ordinær høring.

Ingen av dei høringsinstansane som har uttalt seg, har innvendingar mot at det blir gitt utfyllande forskrifter til lova.

3.4.7 Alternativt forslag til lovformulering

Utdanningsdirektoratet har kommentert fleire forhold knytte til høringsforslaget frå departementet. Desse er refererte og kommenterte fortløpande ovanfor under dei respektive punkta. I tillegg har Utdanningsdirektoratet fremja eit eige og alternativt forslag til lovføresegner, sjå punkt 3.3.2.6.

I dag er reglane om politiattest spreidde utover i opplæringslova og privatskolelova. I tillegg til ei hovudføresegn om politiattest i opplæringslova § 10-9 er det føresegn om politiattest i § 13-6 om musikk- og kulturskolar, § 13-7 om skolefritidsordninga og § 13-7a om leksehjelp. I tillegg er det foreslått teke inn ei ny føresegn om skoleliknande aktivitetstilbod i eit eige ledd i § 10-9. Alt dette fører, som direktoratet peikar på, til fragmentarisk lovgiving på området for politiattestar.

Direktoratet foreslår å regulere alt som gjeld politiattest i ei samla føresegn. Det betyr at reglane om politiattest for musikk- og kulturskolar, skolefritidsordninga, leksehjelp og skoleliknande aktivitetstilbod vil bli samla i opplæringslova § 10-9 saman med reglane om politiattest for grunnskole og vidaregåande opplæring. Departementet meiner at det er ein ryddig måte å regulere dette på og vil derfor foreslå ei slik samleføresegn.

Direktoratet har foreslått at det blir presisert i lovteksten at politiattest skal krevjast av den som blir tilsett, fast eller mellombels. Ei slik presisering i lovteksten er i samsvar med gjeldande rett,

jf. Ot.prp. nr. 46 (1997-98) s. 184, og blir foreslått innteken.

Når det gjeld politiattest frå dei som regelmessig oppheld seg i skole eller nærmare oppgitt fritidsaktivitet, har direktoratet foreslått ei utviding ved at dette også skal gjelde for vidaregåande opplæring. Departementet har ingen innvendingar til dette, all den stund dette er noko skoleeigaren ikkje skal, men kan krevje. Det gir dessutan ein ryddigare og meir einsarta rettstilstand. Det kan også i vidaregåande opplæring ligge føre eit slikt behov.

Det er vidare teke inn eit forslag frå direktoratet om uttrykkeleg å slå fast i lovteksten at andre konsekvensar enn yrkesforbod må vurderast konkret. Dette inneber inga endring i gjeldande rett, men det er nytt at det blir teke inn i lovteksten. Det visast her også til Ot.prp. nr. 108 (2008–2009) hvor det er uttrykt at heimel for og konsekvensar av merknader i politiattesten å gå frem av særlovgivning. Departementet sluttar seg til at lovteksten slår fast at andre konsekvensar enn yrkesforbod må vurderast konkret.

Forslaget frå direktoratet får konsekvensar for føresegnene i opplæringslova §§ 13-6 andre ledd, 13-7 sjette ledd og 13-7a tredje ledd. Direktoratet foreslår å oppheve desse. Departementet foreslår i staden at det i desse føresegnene blir vist til opplæringslova § 10-9. Det gir betre rettleiing for ein brukar av lova. Brukaren får da klar rettleiing om at det som t.d. gjeld skolefritidsordninga, ikkje fullt ut er regulert i § 13-7, men må supplerast med reglar om politiattest i § 10-9. Ei slik ordning med tilvisingar vil ikkje innebere realitetsendringar.

For privatskolelova er det foreslått tilsvarende endringar i § 4-3 som for § 10-9 i opplæringslova, sjå ovanfor. Dei to føresegnene er skorne over same leist. Det blir vidare foreslått ei tilvising i § 7-1e tredje ledd om leksehjelp til § 4-3, sjå tilsvarende ovanfor for opplæringslova.

Departementet sluttar seg altså i all hovudsak til forslaga frå direktoratet til lovføresegner for å få ei meir oversiktleg lovgiving på området for politiattest.

4 Forslag om å lovfeste heimel om fylkeskommunalt norsk vidaregåande tilbod i utlandet

4.1 Bakgrunnen for forslaget

Med heimel i forsøksparagrafen i opplæringslova (§ 1-4) har departementet i 2009 gitt Troms fylkeskommune løyve til, i samarbeid med russiske styresmakter, å prøve ut ei ordning med norsk-russisk vidaregåande skole i Murmansk. På tilsvarende måte har Akershus fylkeskommune i 2010 fått løyve til, i samarbeid med russiske styresmakter, å prøve ut ei ordning med norsk-russisk vidaregåande skole i Moskva. Tidlegare har Moskva-skolen vore driven utan noka formell godkjenning etter opplæringslova. Han har likevel fått midlar over statsbudsjettet til drifta. Det er no innvilga forsøk, slik at det er gitt tidsavgrensa løyve til å gjere avvik frå verkeområdet til opplæringslova og at lova i denne samanhengen kan brukast utanfor riket. Dernest er det opna for at det kan gjerast dei avvik frå lova og forskriftene til lova som er nødvendige tilpassingar for at desse ordningane kan fungere. Dette inneber m.a. at det er opna for at russiske elevar i forsøksperioden kan nytte den tidlegare læreplanen i norsk som andrespråk (NOA-planen), men elles følgje læreplanane etter *Kunnskapsløftet*.

Departementet har lagt til grunn at ein føresetnad for at denne framgangsmåten skal vere tillaten, er at han byggjer på frivillig medverknad frå dei impliserte partane; det gjeld både styresmakterne og elevane i dei landa det vedkjem.

Ved dei nemnde skolane går det både norske og russiske elevar. Læreplanen er tilpassa til både norske og russiske læreplanar, og undervisningsspråket er både norsk, engelsk og russisk. Dei norske elevane tek tredje og siste året på vidaregåande skole her, medan dei russiske elevane tek eit ekstra år i høve til russisk opplæring. Både dei norske og dei russiske elevane får norsk vitnemål for vidaregåande opplæring når dei har bestått, med tilhørande formell studiekompetanse.

I samband med sakene om forsøk har departementet vurdert situasjonen og komme til at det er ønskeleg med og behov for ei formalisering av slike ordningar. For å kunne ha denne typen til-

bod for elevane innanfor gode rammer, bør det fastsetjast ei opning i lova for at slike ordningar kan gjerast permanente.

4.2 Gjeldande rett

Opplæringslova har ingen særskilde føresegner om opplæringstilbod ein fylkeskommune kan gi utanfor Noreg. Opplæringslova § 1-2 har nokre føresegner om verkeområdet for lova, m.a. at lova gjeld for vidaregåande opplæring i offentlege skolar. Det geografiske verkeområdet er ikkje uttrykkeleg regulert her, men det er omtalt i forarbeida til lova (Ot.prp. nr. 46 (1997–98)). Av desse lovpremissane følgjer at det geografiske verkeområdet for opplæringslova er Noreg, dvs. at lova i utgangspunktet gjeld for undervisningstilbod som blir gitt i Noreg, men ikkje for undervisningstilbod som er fysisk lokaliserte utanfor Noreg. Dessutan er det med heimel i Svalbardlova gitt forskrift som fastset at opplæringslova gjeld på Svalbard så langt ho etter tilhøva passar (departementet er gitt mynde til å avgjere kor langt ho passar).

4.3 Høringa

4.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet skreiv departementet m.a.:

”Som ledd i internasjonaliseringen og positiv utveksling og utvikling landene i mellom har det fra norsk hold vært sett med velvilje på at Akershus fylkeskommune gjennom flere år har hatt et samarbeid med russiske skolemyndigheter om en norsk-russisk videregående skole i Moskva (NRVS). Tilsvarende vil gjelde for den nylig etablerte norsk-russiske videregående skolen i Murmansk som Troms fylkeskommune står bak på norsk side. Det er naturlig å legge til rette for at en slik utvikling kan fortsette. Samtidig er det viktig at en slik utvikling på skoleområdet kan skje innen klare ram-

mer. Så langt det er tale om skolevirksomhet i utlandet der formålet er å kunne utstede norsk vitnemål for bestått videregående opplæring, bør dette skje med utgangspunkt i opplæringslovas system med tilhørende forskrifter. Likevel må det tas høyde for at det neppe vil være mulig å gjennomføre slike opplegg som skjer i utlandet, ved samarbeid med utenlandsk utdanningsmyndighet, og der utenlandske elever også er med, dersom det ikke er rom for tilpasning av de rammene som ellers gjelder.

Som et eksempel på dette tilpasningsbehovet, vises det til det som er sagt ovenfor om at russiske elever i forsøksperioden fortsatt kan benytte NOA-planen i norsk. Som et annet eksempel kan nevnes at det av praktiske årsaker har blitt gitt tillatelse til at russiske lærere ikke må fremlegge politiattest (dette gjelder ikke norske lærere som benyttes, da denne ordningen er etablert som system i Norge). Hvilke tilpasningsbehov som er nødvendig kan vanskelig fastslås generelt og en gang for alle, men bør avhenge av en konkret forsvarlighetsvurdering i det enkelte tilfellet. Dette taler for at opplæringslova kan inneholde en dispensasjonsordning som kan anvendes i slike tilfelle.

For øvrig mener departementet det kun bør være aktuelt å ha denne muligheten innenfor videregående opplæring. Per i dag har det heller ikke kommet noe ønske om å etablerte et slikt fellesprosjekt på grunnskoleområdet der to land er involvert i prosjektet. For grunnskolen ville en rekke andre hensyn komme inn, bl.a. fordi det er en obligatorisk skole for yngre barn, som eventuelt måtte vurderes nærmere.”

På denne bakgrunn skreiv departementet om sjølve lovforslaget:

”Departementet foreslår at det i opplæringslova § 1-2 om lovens virkeområde tas inn et nytt fjerde ledd der departementet etter søknad fra fylkeskommunen kan gi tillatelse til at opplæringslova anvendes utenfor riket, slik at en norsk fylkeskommune kan stå ansvarlig for en videregående skole i utlandet der formålet er at elevene skal få norsk vitnemål når opplæringen er fullført og bestått. Dessuten bør det fastsettes at så langt det er forsvarlig, kan departementet også gi slik dispensasjon fra bestemmelser i loven og forskriftene til loven, som er nødvendig for at dette kan gjennomføres. Det bør også være en eksplisitt hjemmel for at betingelsene kan endres når forholdene tilsier det, og at tillatelsen til å gi videregående opplæ-

ring i utlandet om nødvendig kan trekkes tilbake. Dette kun som en sikkerhetsventil dersom særlige forhold gjør dette nødvendig. Når det gjelder hvilke forhold som kan tilsa at betingelsene bør kunne endres, kan særlig nevnes det forhold at det skjer endringer i regelverket som gjelder videregående opplæring som skjer i Norge. Det må foreligge en kvalifisert grunn til at vilkårene om at ”forholdene tilsier det”, skal kunne sies å foreligge. Tillatelsen til å stå ansvarlig for videregående skole i utlandet bør kunne trekkes tilbake dersom skolen ikke drives forsvarlig eller virksomheten på annen måte forårsaker uforholdsmessige negative konsekvenser for elevene. Det må foretas en konkret og kvalifisert nødvendighetsvurdering for at en gitt tillatelse skal kunne trekkes tilbake.

Departementet legger til grunn at en forutsetning for at et slikt opplæringstilbud kan gjennomføres er at alle parter, både myndigheter og elever i berørte land, deltar frivillig.”

4.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Ingen departement har komme med innvendingar mot dette forslaget. Av ca. 120 høringsinstansar er det 29 som har uttalt seg om forslaget. 28 av desse høringsinstansane, deriblant kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Barneombodet, Universitetet i Oslo, NTNU, Høgskolen i Oslo, KS, NHO, Utdanningsforbundet og Skolenes landsforbund, har ikkje innvendingar mot forslaget.

Ein av høringsinstansane – Utdanningsdirektoratet – er kritisk. *Utdanningsdirektoratet* skriv m.a.:

”Direktoratet mener det er problematisk at det åpnes for at fylkeskommunen kan drive norsk videregående opplæring i utlandet. Direktoratet mener at forslaget går for langt når det åpnes for at det kan gis dispensasjon fra alle bestemmelser i lov og forskrift. Det er vanskelig å forutse konsekvensene av å åpne for at det kan gis generell dispensasjon uten at konsekvensene av dette er vurdert i forhold til hver enkelt bestemmelse Forslaget kan få uheldige utslag når det gjelder for eksempel tilsyn, skyss, gratisprinsippet, læreplanverket med mer. Vi viser til at opplæringsloven med forskrifter sikrer minimumskrav til kvalitet, kvantitet og skolemiljø.”

Utdanningsdirektoratet finn det elles meir naturleg at eit slikt høve som forslaget opnar for, heller bør innførast i lovverket for private skolar, og at dette vil gjere det meir føreseieleg fordi dette regelverket alt er tilrettelagt for eventuell tilpassing.

4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at dei høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, bortsett frå Utdanningsdirektoratet, støttar det utan særlege reservasjonar. Sjølv om det kan peikast på visse utfordringar, ser departementet det slik at desse ikkje er av ein slik karakter at forslaget bør trekjast tilbake eller justerast, noko den samla høringa underbyggjer.

Departementet understrekar at det her vil dreie seg om ei heilt frivillig ordning for alle impliserte der det vil bli kravd at alle partar blir gjorde kjende med dei føresetnader som vil gjelde. I og med at det her er tale om vidaregåande opplæring i offentleg fylkeskommunal regi, finn departementet at det ikkje er naturleg å regulere dette i privatskolelova, slik direktoratet foreslår.

Departementet viser til det som i høringa er sagt om at kva tilpassingsbehov som er nødvendige, bør avhenge av ei konkret vurdering av det forsvarlege i det enkelte tilfellet, noko som tilseier at lova får ei generell ordning der departementet kan gjere unntak så langt det er forsvarleg og nødvendig. Elles understrekar departementet at vurderingar av konsekvensar av unntak frå føresegnene i opplæringslova, som Utdanningsdirektoratet er uroleg for, sjølv sagt må vurderast nøye og konkret i samband med ein søknad. Det vil ikkje vere aktuelt å fråvike lova i større utstrekning enn det som er nødvendig for å kunne etablere det aktuelle tilbodet. Omsynet bak dei enkelte føresegnene som det er aktuelt å gjere unntak frå, må avvegast mot grunngivinga for å gjere unntak og kva som totalt sett er det beste for elevane.

Som eksempel på kva slike tilpassingsbehov vil kunne bety, viser departementet til det som er sagt ovanfor under punkt 4.3.1, om at i dei igangverande forsøka (med heimel i forsøksparagrafen i opplæringslova) har departementet gitt løyve til at dei russiske lærarane som deltek, ikkje treng leggje fram politiattest, slik dei norske lærarane må. Det er her både lagt vekt på at det i Russland ikkje finst ei ordning med politiattest, noko som

gjer dette vanskeleg å få til i praksis, og at dei elevane som inngår i forsøket, er så vidt vaksne (siste året i vidaregåande) og deltek på heilt frivillig basis, at eit slikt unntak er mindre tvilsamt enn det elles ville vere. Som eit anna eksempel viser departementet til det som er sagt om norskplanen, der dei russiske elevane har fått ei særskild tilpassing, medan dei elles følgjer alle læreplanane etter Kunnskapsløftet. Dersom dei ikkje hadde fått denne tilpassinga i norskplanen, er det grunn til å anta at ordninga ville blitt for krevjande til å kunne bli gjennomført for dei russiske elevane, da desse også må gjennomføre den opplæringa som skal til for å få russisk vitnemål i tillegg til norsk vitnemål.

For ordens skuld gjer departementet merk-sam på at fylkeskommunane etter forslaget ikkje vil få nokon lovfesta rett til å få ein søknad innvilga. Kva som vil bli innvilga, vil i tillegg til ei vurdering av kravet om det forsvarlege, også måtte kvile på ei konkret vurdering av omsyn som omfanget av denne typen tilbod, relasjonen til vertslandet o.l.

Departementet presiserer også at ein eventuell innvilga søknad ikkje gir rett til statsstøtte. I samband med skoletilboda i Moskva og Murmansk er det blitt løyvt midlar over statsbudsjettet. Slik støtte er avhengig av årlege budsjettvedtak.

På denne bakgrunn foreslår departementet at opplæringslova § 1-2 blir endra i samsvar med høringsutkastet, med unntak av nokre små endringar i sjølve ordlyden. Dette inneber at departementet etter søknad frå fylkeskommunen kan gi løyve til at fylkeskommunen kan stå ansvarleg for vidaregåande opplæring i utlandet der formålet er at elevane skal få norsk vitnemål når opplæringa er fullført og bestått. I utgangspunktet vil opplæringslova da gjelde. Så langt det er forsvarleg og nødvendig kan departementet også gjere unntak frå føresegner i lova og forskrifter til lova. Her må ulike omsyn avvegast ut frå ei konkret vurdering – av både praktiske behov og omsynet til elevane og samfunnet. Departementet kan endre dei vilkåra som er gitt i løyvet når tilhøva tilseier det. Det er ikkje meininga at dette skal gjerast utan at det ligg føre særlege og gode grunnar. Dette vil t.d. kunne vere når det skjer endringar i regelverket som gjer det nødvendig. Om nødvendig kan departementet også kalle tilbake det løyvet som er gitt. Dette er på tilsvarande måte meint som ei avgrensa moglegheit der det av ulike grunnar er nødvendig, t.d. av omsyn til elevane.

5 Forslag om å lovfeste rett til utvida opplæringstid i private vidaregåande skolar

5.1 Bakgrunnen for forslaget

Ved ei endring i opplæringslova i 2000 fekk elevar med rett til spesialundervisning på visse vilkår ein individuell rett til utvida opplæringstid i inntil to år i vidaregåande opplæring. Før denne endringa skulle elevane så langt mogleg få dette tilbodet etter ei konkret vurdering av ein søknad til fylkeskommunen.

I 2009 fekk minoritetsspråklege elevar som har rett til særskild språkopplæring, den same retten. I den samanheng vart det i Ot.prp. nr. 55 (2008–2009) gjort greie for rettstilstanden om ekstra opplæringstid i vidaregåande opplæring. I kapittel 5.2 heiter det:

”Elevar i vidaregåande opplæring etter privatskolelova som har rett til spesialundervisning etter privatskolelova § 3-6, har ikkje same rett til ekstra opplæringstid som elevar i offentleg vidaregåande opplæring. Føresegnene i privatskolelova gjeld uttømmende for elevar i skolar godkjende etter privatskolelova, og sidan privatskolelova verken viser til opplæringslova § 3-1 femte ledd eller har ei tilsvarende føresegn, har elevar i private skolar ikkje slik rett til inntil to år ekstra vidaregåande opplæring.”

Gjennom enkeltsaker og generelle førespurnader har det komme fram at det er vanleg praksis ved fleire private vidaregåande skolar at elevar nyttar sine rettar til utvida tid etter opplæringslova til å følgje opplæringa på fjerde og femte året ved private skolar med rett til statstilskott. Dette tyder på at desse elevane ikkje har fått tilstrekkeleg informasjon om at dei ikkje har høve til å følgje opplæringa i utvida tid ved den privatskolen dei er elevar i. Klargjering av at denne retten må takast ut i offentlege skolar kan ha ført til at elevar og foreldre har hamna i ein vanskeleg situasjon dei sjølve ikkje er skuld i.

Etter søknad har Utdanningsdirektoratet gitt somme skolar dispensasjon frå privatskolelova § 2-2 om anna verksemd, slik at skolane på frivillig

basis har kunna drive opplæring av elevar på vegner av fylkeskommunen. Vidare vart det i revidert nasjonalbudsjett (Prop. 125 S. (2009–2010)) foreslått for skoleåret 2010–2011 at løyvingane på kap. 228, postane 71 Private vidaregåande skolar, 74 Private vidaregåande skolar i utlandet og 75 Private skolar for funksjonshemma elevar kan brukast til inntil to år ekstra vidaregåande opplæring i private skolar for elevar som har rett til inntil to år ekstra offentleg vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 femte ledd, jf. opplæringslova § 5-1.

Høvet til dispensasjon frå privatskolelova § 2-2 om anna verksemd og ordninga gjord greie for i revidert nasjonalbudsjett (Prop. 125 S. (2009–2010)) er ei mellombels ordning. Varig likebehandling krev ei regelendring.

5.2 Gjeldande rett

Retten til å få utvida tid i vidaregåande opplæring er lovfesta i opplæringslova § 3-1 femte ledd:

”Elev som etter reglane i kapittel 5 har rett til spesialundervisning, har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjer vedtak om utvida opplæringstid, skal det liggje føre sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har. Retten gjeld også for elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9, rett til opplæring i punktskrift etter § 3-10 eller rett til særskild språkopplæring etter § 3-12.”

Ansvarleg for slik vidaregåande opplæring i utvida tid er fylkeskommunen.

Det er inga tilsvarende føresegn om slik rett i privatskolelova, men også elevar som etter å ha fullført privat vidaregåande opplæring fyller vilkåra i opplæringslova § 3-1 femte ledd, er omfatta av det fylkeskommunale ansvaret. Dette inneber at retten til utvida tid blir gitt som offentleg opplæ-

ring. Det er derfor understreka i Ot.prp. nr. 55 (2008-2009) at det er viktig at det blir informert om dette til dei som vel privatskole i staden for offentleg vidaregåande opplæring.

Rett til særskild språkopplæring og spesialundervisning for elevar i private skolar følgjer av privatskolelova §§ 3-5 og 3-6.

Elevar i private skolar har ikkje tilsvarende rettar som elevar i offentleg skole har til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9 og til opplæring i punktskrift etter § 3-10, sidan tilsvarende føresegner ikkje er innført i privatskolelova. Elevar i private skolar vil derfor måtte få desse behova dekte gjennom dei generelle reglane om spesialundervisning.

5.3 Høringa

5.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringa foreslo departementet at retten til å få utvida tid i vidaregåande opplæring skulle lovfestast i privatskolelova slik at elevar kan velje å ta ut retten også i private skolar med rett til statstilskott. Departementet foreslo at endringane skulle omfatte elevar med rett til spesialundervisning og elevar med rett til særskild språkopplæring etter privatskolelova, jf. privatskolelova §§ 3-5 og 3-6.

Vilkåra for å ha slik rett vart det ikkje foreslått endringar i. Det vil framleis vere fylkeskommunen som gjer vedtak om dette.

På bakgrunn av at elevar i private skolar ikkje har tilsvarende rettar som elevar i offentleg skole har til opplæring i og på teiknspråk og til opplæring i punktskrift, fann departementet at retten til utvida tid ikkje kunne omfatte desse elevane.

Departementet foreslo at retten skulle lovfestast i privatskolelova § 3-3 fjerde ledd.

5.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

23 av ca. 120 høringsinstansar har uttalt seg om spørsmålet. Mellom desse har tre fylkeskommunar, fem fylkesmenn, tre privatskoleorganisasjonar, Utdanningsdirektoratet, Sivilombodsmannen, NHO, HSH og Utdanningsforbundet uttalt seg. Alle støttar forslaget om å lovfeste retten til utvida tid i privatskolelova slik at elevar kan velje å ta ut retten også i private skolar med rett til statstilskott.

Barneombudet støttar forslaget og seier mellom anna:

”Elever som trenger ekstra opplæringstid har spesielle utfordringer som det er viktig å tilret-

telegge for. Målet må være at elever som har mulighet for det, og ønske om det, sikres fullført vidaregåande opplæring. Barneombudet mottar en del henvendelser om at det er svikt i det offentlige skoletilbudet som gjør at foreldre velger privat skole for sine barn. Krav om skolebytte blir da en tilleggsbelastning som en bør unngå.

Ombudet mener det er viktig å hindre at elever på private skoler som har behov for mer tid skal presses over på en ny skole i siste del av utdanningen. Selv om de fleste elevene vil være fylt 18 år når de fullfører vidaregåande skole, minner Ombudet om at valg av ordning skal ta utgangspunkt i hva som er best for elevene det gjelder, jfr. barnekonvensjonen artikkel 3. I denne prosessen en er det viktig å høre elevene det gjelder, jfr. barnekonvensjonen artikkel 12. Barneombudet anbefaler at det innføres en bestemmelse i privatskoleloven som er lik opplæringsloven § 3-1.”

Også *Kristne Friskolers Forbund* støttar forslaget:

”Men vi ønsker å uttrykke glede over forslaget om at elever med rett til spesialundervisning nå skal ha rett til å ta det fjerde og femte år ved privat vidaregåande skole. Dette forslaget støttes altså, og det er en helt nødvendig likebehandling det legges opp til både for skolene og – særlig – for de svakeste elevene.”

5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet meiner det er formålstenleg med ei lovendring der elevar med rett til to år ekstra i vidaregåande skole får høve til å ta desse åra i privat skole. Bakgrunnen for dette er at byte av skole til eit tilbod i den fylkeskommunale opplæringa undervegs i opplæringsløpet kan gjere det vanskelegare for eleven å fullføre skolegangen. Departementet understrekar at mange av dei elevane dette gjeld, allereie er i ein vanskeleg situasjon.

Departementet meiner det også er positivt at elevar med behov for ekstra opplæringstid reelt sett får same høve som andre elevar til å velje privat skole. Desse elevane ville antakeleg ikkje velje privat skole dersom dei må gå over til offentleg skole etter det tredje året, sjølv om det i utgangspunktet er eit ønske frå eleven og dei føresette å søkje seg til ein privatskole.

Alle høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, støttar vurderingane frå departementet. Fleire framhevar spesielt at det er viktig for at elevane kan fullføre opplæringa, og at mange av dei elevane dette gjeld, allereie er i ein vanskeleg situasjon.

I samsvar med høringsutkastet legg departementet etter dette fram forslag om at retten til utvida tid blir lovfesta i privatskolelova § 3-3 fjerde ledd.

6 Forslag om oppdateringar i tilsynsføresegna som følgje av generell gjennomgåing av særlovshemlar for statleg tilsyn med kommunane

6.1 Bakgrunnen for forslaget

I Meld. St. 7 (2009-2010) *Gjennomgang av særlovshjemler for statlig tilsyn med kommunane* frå Kommunal- og regionaldepartementet er det presentert ei samla gjennomgåing av tilsynsreglane i dei ulike særlovene som gjeld for kommunesektoren. Bakgrunnen for dette er eit ønske om å koordinere dei ulike tilsynsordningane som følgjer av særlovene som gjeld for kommunesektoren, slik at det i alle særlovene kjem tydeleg fram at tilsynet skal vere eit reint lovlegtilsyn, og at alt tilsyn elles er godt grunnlagt. Gjennomgåinga er eit resultat av regjeringa si oppfølging av Stortinget sin føresetnad, som følgjer av Innst. O. nr. 19 (2006-2007), som igjen byggjer på ein eigen meldingsdel i Ot. prp. nr. 97 (2005-2006)). Stortinget har slutta seg til det opplegget som følgjer av Meld. St. 7 (Innst. 180 S (2009-2010)).

Som grunnlag for denne meldinga til Stortinget har Kommunal- og regionaldepartementet saman med andre departement gjennomgått heimlane i særlovgivinga for statleg tilsyn med kommunane. På bakgrunn av ein risiko- og sårbarheitsanalyse og ein kostnads- og nytteanalyse (i framhaldet blir brukt nemninga *ROS-analyse* som fellesnemning på dette), konkluderer Meld. St. 7 med at det framleis er behov for å behalde heile det høve (heimel) som statleg tilsyn i dag har til å gripe inn overfor eventuelle brot på dei pliktene kommunesektoren har i særlovgivinga (i framhaldet kalla kommunepliktene). Kunnskapsdepartementet vil peike på at dette ikkje må misforståast slik at det ut frå dagens tilsynshemlar skulle liggje noko krav om at det frå statens side skal først automatisk tilsyn med at alle kommuneplikter er oppfylte. Sjølv om heimlane blir ståande, vil tilsyn i praksis framleis i stor grad måtte skje ut frå ROS-analysar, der det vil måtte takast høgde for at situasjonen ute i kommunane kan endre seg over tid. Slik sett vil det for kommunane sjølv eit godt stykke på veg vere mogleg å påverke kor mykje tilsyn dei faktisk vil bli utsette for, ved

at dei sørgjer for at det ikkje oppstår indikasjonar på at regelverket blir brote. Det vil likevel uansett vere mogleg at tilsyna kan gi eventuelt nødvendige pålegg der regelverket blir brote.

Når det gjeld opplæringslova spesielt, byggjer ROS-analysen m.a. på resultata frå dei nasjonale tilsyna som er gjennomførte sidan 2006, og Riksrevisjonen si undersøking av opplæringstilbodet i grunnskolen (Dokument nr. 3:10 (2005-2006)). Her er det avdekt at det er relativt store utfordringar knytte til kommunesektoren si oppfølging av regelverket på dette området, noko som må takast alvorleg.

Sjølv om det ikkje blir lagt opp til noka endring av det høvet dei statlege tilsyna har til å gripe inn ved eventuelle brot på kommunepliktene, blir det lagt opp til å koordinere dei ulike tilsynsordningane i særlovene. I praksis betyr det at heimlane for å føre tilsyn skal gå fram av den enkelte særlova, medan den rettslege reguleringa av framgangsmåten hos tilsyna elles vil vere omfatta av kommunelova kapittel 10 A om statleg tilsyn. (Det er elles ikkje lagt opp til endringar i dette kapitlet i kommunelova.) Etter dette vil det gå fram eksplisitt av alle særlovene at tilsynet dreier seg om eit reint lovlegtilsyn.

Det som er omfatta av denne proposisjonen, er den framtidige rettslege reguleringa av det statlege tilsynet med opplæringslova med tilhørande forskrifter, og er ei oppfølging av den nemnde Meld. St. 7.

6.2 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 14 andre og tredje ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med oppfølginga av alle dei pliktene som følgjer av opplæringslova og forskriftene til lova (i praksis delegert til fylkesmennene via Utdanningsdirektoratet). Gjennomføringa av tilsyn vil kunne skje etter ei konkret vurdering av tilsynsbehovet og etter gjennomførte risikovurderingar. Dersom det er

avdekt at det kan ha skjedd brot på regelverket, vil det liggje føre eit ansvar for å følgje opp dette gjennom tilsyn. Tilsynet er eit reint lovlegtilsyn.

I tillegg til tilsynsansvaret har denne paragrafen i første ledd også lagt eit rettleiingsansvar til departementet om spørsmål som gjeld verksemd etter lova, slik at det kan sikrast eit godt og likeverdig opplæringstilbod i samsvar med lov og forskrift.

I fjerde ledd er det føresegner om at departementet kan gi forskrifter om plikt for skoleeigaren og elevane til å medverke i samband med evaluering og informasjonsinnhenting.

Vidare er det ei eiga føresegn i § 14-2 om kommunalt tilsyn med heimeopplæring.

6.3 Høringa

6.3.1 Høringsforslaget frå departementet

I høringsbrevet skreiv departementet:

”På bakgrunn av de premissene som fremgår foran....., foreslår departementet at opplæringslova kapittel 14 om tilsyn blir justert slik at det blir fastsatt i denne loven at det er reglene om statlig tilsyn i kommuneloven kapittel 10A som nærmere regulerer tilsynet med oppfyllelsen av kommunepliktene som følger av opplæringslova. Det gjøres også tydelig at det dreier seg om et rent lovlighetstilsyn. Selv om det legges opp til at det vil stå i opplæringslova at tilsynsansvaret vil være knyttet til hele loven og forskriftene til loven, vil tilsynshjemmelen likevel knytte dette til kapittelnivå i loven, noe som er i tråd med føringen i Meld. St. 7. Tanken bak dette er behovet for at også eventuelle fremtidige lovendringer blir underkastet en ROS-analyse i tilsynsperspektiv før den nye reguleringen også underlegges tilsynshjemmel.

I tråd med ordningen i kommuneloven, foreslås det at tilsynsmyndigheten i opplæringslova legges til fylkesmannen. Det understrekes at dette ikke er ment å berøre Kunnskapsdepartementets og Utdanningsdirektoratets adgang til å styre fylkesmennene gjennom instruksjon på eget sektorområde, herunder også myndighet til å foreta omgjøring av fylkesmannens vedtak etter forvaltningsloven § 35 eller lignende. Bl.a. med tanke på en stadig manglende etterlevelse av opplæringsloven i sektoren og behovet for politisk styring og ansvar på feltet, mener departementet det er viktig at dette overordningsforholdet er klargjort. På denne måten vil også Utdanningsdi-

rektoratet for å sikre Utdanningsdirektoratets overordnede koordinerende og utviklende rolle på nasjonalt nivå i forhold til tilsynet være ivarettatt. Fylkesmannens koordinerende rolle mellom de ulike sektortilsynene/fylkesmennene, vil ikke endres ved dette.

Det foreslås også en tilsvarende tilsynshjemmel slik at det fortsatt også kan føres tilsyn med andre plikter i loven enn kommunepliktene. Også for dette tilsynet foreslås det at det på tilsvarende måte blir regulert av nærmere angitte paragrafer i kommuneloven kapittel 10A.

For å gjøre det tydelig at statlig veiledning er noe annet enn tilsyn, foreslås det at dagens regulering av statlig råd og veiledning, som nå står i tilsynsparagrafen, skilles ut som en egen paragraf.

Departementet finner for øvrig at det også er behov for å videreføre den hjemmelen som i dag står i § 14-1 fjerde ledd, der departementet kan gi forskrifter om plikt for skoleeierne og elevene til å bidra i tilknytning til evalueringer og informasjonsinnhenting. Dette er hjemmel for også annen informasjonsinnhenting enn det som er knyttet til tilsyn. Det vises bl.a. til nasjonale prøver. Reglene om informasjonsinnhenting i kommuneloven kapittel 10A dekker således ikke hele det behovet som foreligger på dette området. Departementet vurderer for tiden dette området i et videre perspektiv. Et lovforslag om endringer i bestemmelsen ble sendt på høring høsten 2009. På bakgrunn av høringsuttalelsene gjennomgås et eventuelt forslag om lovendringer på nytt. Arbeidet er således ikke avsluttet, og det kan bli aktuelt å komme tilbake til dette området på et senere tidspunkt med ny lovendring. I denne omgang foreslås derfor videreføring av innholdet i § 14-1 fjerde ledd. Departementet finner det naturlig at dette nå blir skilt ut i en egen paragraf til slutt i kapitlet.

For øvrig foreslås det visse rent tekniske endringer i kapittel 14 som blir nødvendige som følge av de foreslåtte endringene ovenfor”.

6.3.2 Synspunkt frå høringsinstansane

Ingen av dei andre departementa har komme med innvendingar mot forslaget. Det er 36 høringsinstansar som har uttalt seg om dette forslaget. Av desse stiller dei aller fleste seg positivt til forslaget, det omfattar også kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn, Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Barneombodet, Likestillings- og diskrimi-

neringsombodet, Integrerings- og mangfaldsdirktoratet, Utdanningsforbundet, Skolenes landsforbund, Norsk Lektorlag, Vaksenopplæringsforbundet, NHO, LO, NTNU og Universitetet i Oslo. *Barneombodet* og *Utdanningsforbundet* ønskjer i tillegg at lova skal ha fleire høve til sanksjonar ved brot på lovverket. *Foreldreutvalet for grunnopplæringa* er dessutan oppteke av at det ikkje ligg noko i opplegget som inneber endå meir testing av elevane. *Stavanger kommune* framhevar særskilt at staten kan vere ein viktig samarbeidspartnar for skoleeigarane i arbeidet med kvalitetsutvikling i skolen, og at det derfor er ønskeleg at statens rolle som rettleiar og rådgivar for kommunane blir styrkt. For å symbolisere det foreslår Stavanger at rekkjefølgja av §§ 14-1 og 14-2 blir endra slik at rettleiing blir omtalt før tilsyn i lova.

KS stiller spørsmål ved om departementet nyttar for bastante karakteristikkar i høringsbrevet når det gjeld etterlevinga av regelverket ute i kommunesektoren, og lurar på kvifor det er relevant å trekkje dette inn i ein samanheng som denne. KS er elles samd i at tilsynsføresegna i opplæringslova blir harmonisert med føresegnene i kommunelova kap. 10A. KS er dessutan samd i at departementet og direktoratet kan instruere og omgiere fylkesmannens vedtak i tilsynssaker. Når dette er beskrive som ein reiskap for å ta hand om "politisk styring og ansvar", meiner KS det blir feil fordi det kan bli misforstått slik at det dreier seg om noko anna enn eit reint lovlegtilsyn (der kompetansen ikkje går lenger enn den domstolane har). KS minner elles om at det ikkje kjem klart nok fram at det andre leddet i utkastet til ny tilsynsparagraf dreier seg om andre tilsynsobjekt enn kommunane. KS finn det dessutan unaturleg at ein legg opp til å lovfeste at tilsynsmyndet blir lagt til Utdanningsdirektoratet etter det same leddet (andre ledd), og at dette myndet i lova bør leggjast til departementet med ordinært høve til vidare delegering t.d. til Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet set spørsmålsteikn ved at det er sett som hensiktsmessig å ha ei føresegn om statleg rettleiing i opplæringslova, sjølv om ein ser at det i dag er nødvendig med eit breitt spekter av tiltak, under desse ulike informasjonstiltak om innhaldet i regelverket, for å styrkje det sterkt varierende medvitet om regelverket og om regelverkskompetansen i kommunane. Eit mogleg spørsmål i den samanheng er om ein ikkje må kunne forvente at kommunane sjølv innehar kompetanse og kapasitet til å setje seg inn i og forvalte lovpålagde krav. Dersom dette ikkje er tilfelle, meiner direktoratet at det anten bør setjast i verk strukturelle tiltak for å heve deira juridiske og for-

valtningsmessige kapasitet og kompetanse – elles bør pliktene deira reduserast til et nivå som er overkommeleg for dei.

6.3.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Nesten alle høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, støttar det utan særlege reservasjonar. Departementet kan ikkje sjå at det ligg føre noko som er av ein slik karakter at det tilseier vesentlege endringar i forslaget.

Når det gjeld merknaden frå KS om at dei er samde i at departementet og direktoratet kan instruere og omgiere fylkesmannens vedtak i tilsynssaker, men er kritiske til formuleringa i høringsbrevet der dette blir beskrive som ein reiskap for å sikre "politisk styring og ansvar", ser departementet at denne formuleringa kan bli misforstått. Det er ikkje meininga at direktoratet eller departementet skal kunne ta andre omsyn enn dei rettslege når det gjeld avgjerda i konkrete saker; dette på same måte som for domstolane. Poenget er å få fram at det her ikkje blir gjort noko unntak frå det ansvarsprinsippet og den styringslinja som elles er vanleg innanfor statleg styring. Når det gjeld merknadene frå KS til andre leddet i utkastet til ny tilsynsparagraf, vil departementet poengtere at dette leddet regulerer tilsyn med andre tilsynsobjekt enn kommunane, t.d. tilsyn med private skolar som er godkjende med heimel i opplæringslova § 2-12. Elles er departementet komme til at det vil gi det ryddigaste resultatet dersom alt tilsynsmynde etter dette leddet blir lagt til departementet med ordinært høve til vidare delegering.

Departementet er samd med Utdanningsdirektoratet i at kommunane sjølv må ha kompetanse og kapasitet til å setje seg inn i og forvalte lovpålagde krav. Etter departementet si vurdering blir det likevel gale å dra den slutninga at det dermed ikkje er behov for statleg rettleiing. Det er staten som har vedteke lovverket, og det kan ikkje vere staten uvedkommande om dette lovverket blir forstått og praktisert likt i heile landet. Det er heller ikkje realistisk å tru at det er mogleg å få implementert eit lovverk dersom det ikkje blir satsa på hensiktsmessig rettleiing frå staten si side i tillegg til tilsyn med oppfølginga av det. Noko anna er at staten ikkje må drive rettleiing på ein slik måte at staten i realiteten går inn og overtek det ansvaret kommunane har, særleg i tilknytning til bruken av lovverket i konkrete saker. Departementet er oppteke av å vurdere forma på den rettleiing staten gir om lovverket, slik at rettleiinga kommuniserer og treffer så godt råd er, og

heller ikkje fører til overbelastning eller ansvarsfråskrivning lokalt. Elles ville ein etter alt å dømme framleis stå overfor eit rettleiingsbehov sjølv om kommunane fekk færre plikter etter lovverket enn dei har i dag. Det er heller ikkje noko i høringa som indikerer at kommunane ikkje ønskjer hensiktsmessig rettleiing frå staten si side – snarare tvert om. I så måte er det ingen motførestellingar mot at det rettleiingsansvaret staten har, blir skilt ut i ei eiga lovføresegn som er skild frå tilsynsføresegna slik ho er i dag. Det er heller ikkje noko som tilseier at ikkje ein og same instans både kan føre tilsyn og gi rettleiing, berre det blir gjort klart kva som er kva. Det er dessutan viktig at tilsyn og rettleiing blir samordna slik at den samla effekten blir så god som råd er i heile landet, og at dei styringssignala som blir gitt gjennom begge desse verkemidla, blir einskaplege.

På bakgrunn av dette og premissane i høringa, jf punkt 5.3.1, foreslår departementet at opplæringslova kapittel 14 om tilsyn blir endra slik at det blir fastsett i ein ny § 14-1 i denne lova at det skal førast statleg tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova (kommunepliktene). Tilsynsmyndigheita blir lagd til fylkesmannen i samsvar med Meld. St.7. Dette er ikkje meint å røre ved det høve Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har til å styre fylkesmennene gjennom instruksjon på eige sektorområde, under dette også mynde til å omgjere fylkesmannens vedtak etter forvaltningslova § 35 eller liknande. På denne måten vil også Utdanningsdirektoratet kunne ta hand om si overordna koordinerande og utviklande rolle på nasjonalt nivå. Fylkesmennene si koordinerande rolle mellom dei ulike sektortilsyna/fylkesmennene, vil ikkje bli endra ved dette. Det blir vidare klargjort

at det dreier seg om eit reint lovlegtilsyn, og det blir fastsett at det er kommunelova kapittel 10A som elles regulerer denne tilsynsverksemnda.

Det blir dessutan foreslått eit andre ledd i denne paragrafen, der det blir gitt heimel for at det framleis også kan førast tilsvarande tilsyn med andre plikter enn kommunepliktene, dvs. plikter der det er andre pliktsubjekt enn kommunar og fylkeskommunar, t.d. private skolar som er godkjende med heimel i opplæringslova § 2-12. Det blir her foreslått at tilsynsmyndet blir lagt til departementet med høve til ordinær delegering. I dag er det Utdanningsdirektoratet som i praksis er delegert ansvaret for å føre tilsyn med dei private skolane generelt, under dette også private skolar etter opplæringslova § 2-12. Det er meininga at det framleis skal vere slik. Også for dette tilsynet blir det foreslått at det på tilsvarande måte blir regulert av nærmare oppgitte paragrafar i kommunelova kapittel 10A.

For å gjøre det tydeleg at statleg rettleiing er noko anna enn tilsyn, blir det foreslått at dagens regulering av statleg råd og rettleiing, som no står i tilsynsparagrafen, blir skild ut som ein eigen paragraf 14-2. Det blir foreslått at ansvaret her blir lagt til departementet med høve til ordinær delegering.

Dagens føresegn om kommunalt tilsyn med heimeopplæring blir foreslått vidareført som ny § 14-3.

Det blir også foreslått å føre vidare i ein ny § 14-4 den heimelen som i dag står i § 14-1 fjerde ledd, der departementet kan gi forskrifter om plikt for skoleeigarane og elevane til å medverke i tilknytning til evalueringar og informasjonsinnhenting. Dette er heimel også for anna informasjonsinnhenting enn den som er knytt til tilsyn. Det blir vist til m.a. nasjonale prøver.

7 Forslag om endringar i § 1-2 andre ledd (tekniske endringar)

Det er oppdaga at det ved ei tidlegare lovjustering er komme inn ein teknisk feil i andre ledd i opplæringslova § 1-2 om verkeområdet for lova. Opplæringslova § 1-2 andre ledd seier at lova skal gjelde også for *grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring i private grunnskolar som ikkje mottek stats-tilskott etter privatskolelova*.

Det er her brukt omgrepet *vidaregåande opplæring i private grunnskolar*. Det gir inga meining å omtale noko som *vidaregåande grunnskolar* sidan dette er to ulike opplæringstilbod for to ulike aldersgrupper. Det har heller aldri vore meininga at privat vidaregåande opplæring skulle vere omfatta av lova. Ved ein feil har orda *og vida-*

regåande opplæring komme inn i føresegna i 2009 da det vart gjort endringar i kapitlet i samband med ny formålsparagraf. Desse orda var ikkje med i ordlyden før det.

Departementet foreslår at opplæringslova § 1-2 andre ledd blir endra slik at dette blir retta opp. Det blir foreslått at orda *og vidaregåande opplæring* blir tekne ut av § 1-2 andre ledd. Dette betyr at lova, i samsvar med den opphavlege formuleringa, berre vil gjelde for grunnskoleopplæring i private grunnskolar som ikkje får statstilskott etter privatskolelova, og for privat heimeundervisning i grunnskolen. Departementet foreslår i tillegg at ordet *mottek* blir bytta ut med ordet *får* som ei språkeleg retting.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar av forslagene

8.1 Politiattest

Gjennom spesiallovgivinga er bruksområdet for politiattestar stadig utvida. Auka kostnader på grunn av nye heimlar må derfor reknast med i samband med aktuelle lovforslag.

Forslaget her inneber å utvide kravet om politiattest til "skoleliknande aktivitetstilbod". Dette vil kunne føre til utferding av fleire politiattestar, men i avgrensa omfang. Samtidig vil slike særskilde dispensasjonssøknader som Oslo kommune tidlegare har brukt, ikkje lenger bli nødvendige.

Departementet legg på denne bakgrunn til grunn at endringsforslaga ikkje vil medføre vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar for politietaten spesielt eller staten generelt.

8.2 Fylkeskommunalt norsk vidaregåande tilbod i utlandet

Ordninga byggjer på at ho skal vere frivillig for fylkeskommunane og andre aktuelle partar, og staten vil som følgje av lovendringa ikkje få ytterlegare utgifter ved at fylkeskommunar går inn i opplegg med vidaregåande opplæring i utlandet, bortsett frå at staten vil kunne få visse utgifter med gjennomføring av eksamen og i tilknytning til tilsyn. Dette blir dekt innanfor dei ordinære budsjetta.

Elles må fylkeskommunar dette gjeld, ta på seg dei økonomiske og administrative konsekvensane som blir ei følgje av dei konkrete opplegga det blir søkt om løyve til å gjennomføre. Ei eventuell godkjenning etter føresegna inneber ikkje rett til støtte. Skoletilboda i Moskva og i Murmansk har fått støtte over statsbudsjettet, men dette ligg til dei årlege budsjettvedtaka.

8.3 Rett til utvida opplæringstid i private vidaregåande skolar

Forslaget inneber at elevar som tek ut eit fjerde og/eller femte år i ein privat vidaregåande skole, vil utløyse statstilskott etter vanlege satsar for private vidaregåande skolar. For elevar som har rett til spesialundervisning utover den ekstra opplæringstida, skal denne dekkjast av heimfylket.

Departementet legg til grunn at forslaget til lovendring ikkje vil medføre vesentlege endringar i løyvingane, fordi det også i dag i praksis blir utbetalt statstilskott for elevar som følgjer opplæring på fjerde og femte året i private skolar. Der som forslaget likevel skulle føre til at fleire elevar vil ta ut retten i ein privat skole i staden for i offentleg skole, slik at statens utgifter stig, vil fylkeskommunane – som da vil få ei mindre utgift – på vanleg måte bli trekte i ramma gjennom trekkordninga for elevar i private skolar i inntektssystemet.

Departementet legg vidare til grunn at forslaget ikkje vil ha vesentlege administrative konsekvensar.

8.4 Oppdateringar i tilsynsføresegna som følgje av generell gjennomgåing av særlovsheimlar for statleg tilsyn med kommunane

Dei foreslåtte lovendringane vil ikkje ha økonomiske og administrative konsekvensar.

8.5 Tekniske endringar i opplæringslova § 1-2

Dei foreslåtte lovendringane vil ikkje ha økonomiske og administrative konsekvensar.

9 Merknader til lovforslaget

9.1 Endringar i opplæringslova

Til § 1-2 andre ledd

I *andre ledd* er orda og *vidaregåande opplæring* tekne ut, fordi desse orda har komme inn i lova gjennom ein feil ved ei tidlegare lovjustering. I tillegg er ordet *mottek* bytta ut med ordet *får* som ei språkeleg retting. Departementet viser til omtale i kapittel 7.

Til § 1-2 fjerde ledd

Fjerde ledd er ny og seier at departementet etter søknad frå fylkeskommunen kan gi løyve til at fylkeskommunen kan stå ansvarleg for vidaregåande opplæring i utlandet som har til formål at elevane skal få norsk vitnemål ved fullført og bestått opplæring. Det blir og fastsett at opplæringslova gjeld for slik opplæring. Så langt det er forsvarleg og nødvendig, kan departementet likevel gjere unntak frå føresegna i opplæringslova og forskrifter til denne. I slike tilfelle må det gjerast ei konkret vurdering med avveging av ulike omsyn, som praktiske behov og omsynet til elevane og samfunnet.

I føresegna er det fastsett at det er mogleg å endre vilkåra for løyvet når tilhøva tilseier det, og at løyvet til å drive vidaregåande opplæring i utlandet om nødvendig kan kallast tilbake. Ordninga vil kunne omfatte både norske og utanlandske elevar, men må baserast på frivillig deltaking. Det vil kunne bli fastsett ulike vilkår avhengig av om elevane er norske eller utanlandske, ut frå omsyn til kva som er nødvendig og rimeleg. Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 4.

Til overskrift kapittel 10

Overskrifta er endra som følgje av at § 10-9 ikkje berre omhandlar krav om politiattest for personal ved skolen, men også for personale i skoleliknande aktivitetstilbod, skolefritidsordning, leksehjelp og musikk- og kulturskolar. Ved å tilføye *m.m.* vil dette lettare kunne regulerast i kapittel 10.

Til § 10-9

Heile § 10-9 er omstrukturert slik at heimelsgrunnlaga for å krevje politiattest er samla i første og andre ledd i føresegna. Konsekvensane av eventuelle merknader går fram av tredje ledd. I § 10-9 er det innarbeidd krav om politiattest som ein no finn i opplæringslova §§ 13-6, 13-7 og 13-7a. Dette gjer det enklare for brukarane å finne dei krav om politiattest som er å finne i opplæringslova.

I *første ledd* er det tilføydd at krav om politiattest vil gjelde både ved *fast og mellombels* tilsetjing. Dette gjeld både for mellombels tilsetjing med heimel i arbeidsmiljølova og mellombels tilsetjing med heimel i opplæringslova. Dette er i dag gjeldande rett, men blir her foreslått teke inn i sjølv lovteksten.

Endringane i første ledd inneber at fleire lovbrott skal merkjast av på politiattestane enn tidlegare. Ikkje berre seksuelle lovbrott, men også grove valds-, rans- og narkotikalovbrott skal no takast med. Det følgjer av tilvisinga til politiregisterlova § 39 første ledd.

Vidare er heimel for å krevje politiattest for musikk- og kulturskolar, skolefritidsordninga, leksehjelp og skoleliknande aktivitetstilbod regulerte. Dei er nær i slekt og såleis likt regulerte. Når det gjeld *skoleliknande aktivitetstilbod*, er dette eit nytt område der det krevst politiattest. Dette er i føresegna definert til å vere *aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknytning til skolen, og som har karakter av opplæring*. Det avgjerande for kva som fell inn under omgrepet, er at det gjeld aktivitetar utanom skolen som blir arrangerte i regi av skoleeigaren, og at tilbodet har nær tilknytning til skolen. Det må vere eit tilbod med karakter av opplæring og vere slik utforma at det gir noko fagleg kompetanse. Men det må ikkje stillast strenge krav til det faglege innhaldet, heller ikkje med tanke på kva som kan vere å sjå på som fag.

Omgrepet *skoleliknande aktivitetstilbod* vil såleis omfatte slikt som sommerskole og leksehjelp som blir tilboden i skoleregi frå femte årstrinn og oppover. Det vil omfatte skoleliknande

aktivitetstilbod anten dei blir gitt i skoleferie eller på anna tidspunkt utanom den ordinære skoletida. Det skal vidare omfatte alle tilsette i skoleliknande aktivitetstilbod, også assistentar. Men det skal ikkje omfatte foreldre og andre pårørende som hjelper til i aktivitetstilbodet i kraft av si rolle som foreldre eller pårørende. Her må det avgrensast mot dei som regelmessig oppheld seg i aktivitetstilbodet, jf. andre ledd i føresegna. Omgrepet er nærmare omtalt under departementet sine vurderingar, sjå punkt 3.4.4 ovanfor.

I *andre ledd* er vidare kommunen og fylkeskommunen erstatta med skoleeigaren. Dette inneber inga realitetsendring.

I *andre ledd* er verkeområdet utvida til også å gjelde vidaregåande skole. Det vil også i samband med vidaregåande skole vere behov for å innhente politiattestar frå andre som regelmessig oppheld seg der.

Tredje ledd regulerer konsekvensane av merknader. I andre punktum er forhold som ikkje fell inn under yrkesforbodet i første punktum regulerte. Dette har samband med at det er uttrykt i Ot.prp. nr. 108 (2008-2009) at heimel for og konsekvensar av merknader i politiattesten må gå fram av særlovgivinga. I desse tilfelle må den ansvarlege for tilsettinga vurdere konsekvensane av merknader på politiattesten konkret. Omgrepet *barn* er endra til *mindreårig*. Dette inneber ikkje noka realitetsendring.

Fjerde ledd inneheld forskriftsheimelen.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.

Til § 13-6 andre ledd, § 13-7 sjette ledd og § 13-7a tredje ledd

I § 13-6 *andre ledd*, § 13-7 *sjette ledd* og § 13-7a *tredje ledd* er det ført tilvisingar til § 10-9. Sjølve realitetsinnhaldet er regulert i § 10-9, jf. merknad ovanfor om § 10-9. Det blir berre vist til § 10-9, ikkje kva ledd. Dette er gjort for å unngå hyppige lovendringar dersom hovudføresegna i § 10-9 seinare blir endra.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.

Til kapittel 14 om tilsyn m.m.

Kapitlet er omredigert som følge av tilpassing til tilsynssystemet i kommunelova kapittel 10A. Det statlege tilsynet er skilt ut som eigen paragraf. Også tema statleg rettleiing og heimel for statleg informasjonsinnhenting er skilde ut som eigne paragrafar. Kapitteloverskrifta er tilpassa til det

nye, omredigerte kapitlet. Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 6.

Til § 14-1

Første ledd fastslår at det blir ført statleg tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Alle desse pliktene blir kalla *kommunepliktene*. Det blir tydeleggjort at tilsynet er eit reint lovlegtilsyn, men dette inneber inga realitetsendring. Tilsyn med elevane sine rettar vil vere omfatta av dette. I samsvar med det alminnelige prinsippet i denne særlovgjennomgåinga er tilsynsheimelen spesifisert på kapittelnivå i lova, men det er framleis slik at alle pliktene til kommunane og fylkeskommunane er underlagde heimelen for statleg tilsyn. Det blir dessutan fastsett at tilsynet med opplæringslova blir nærmare regulert av kommunelova kapittel 10A. I samsvar med ordninga i kommunelova, der tilsynsmyndet er lagt til fylkesmannen, blir også tilsynsmyndet etter opplæringslova lagt til fylkesmannen. Dette er ikkje til hinder for at fylkesmannen kan instruerast av Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet innanfor eige sektorområde, under dette også inkludert omgjerung av fylkesmannen sitt vedtak i samsvar med forvaltningslova § 35 eller liknande.

Andre ledd vidarefører høvet til at det framleis også kan førast statleg tilsyn med andre plikter enn kommunepliktene, det vil seie plikter der det er andre pliktsubjekt enn kommunar og fylkeskommunar, t.d. private skolar som er godkjende med heimel i opplæringslova § 2-12. Tilsynsmyndigheita blir her lagt til departementet med høve til ordinær delegering. Også tilsynet etter dette leddet blir nærmare regulert av kommunelova kapittel 10A (§§ 60 c og 60 d), likevel tilpassa den aktuelle tilsynsininstansen.

Til § 14-2

Denne føresegna er ei vidareføring av tilsvarende føresegn som har stått i første ledd i opplæringslova § 14-1 om tilsyn. Denne omredigeringa gjer det klart at statleg råd og rettleiing er noko anna enn tilsyn. Ansvar etter føresegna blir lagt til departementet med høve til vidare delegering på same måten som etter tidlegare føresegn.

Til § 14-3

Dette er ei vidareføring av den tidlegare § 14-2 om kommunalt tilsyn med heimeopplæring.

Til 14-4

Dette er ei vidareføring av ei føresegn som tidlegare har stått i § 14-1 fjerde ledd om statleg informasjonssinnhenting og evaluering.

9.2 Endringar i privatskolelova

Til § 3-3 fjerde ledd

I *fjerde ledd* er ei tilvisning til opplæringslova § 3-1 femte ledd om rett til inntil to år ekstra satt inn. Dette inneber at slik rett også vil gjelde for elevar i private vidaregåande skolar. Elevane vil da få like høve til å nytte retten til utvida tid i vidaregåande opplæring i offentleg og privat skole. Elevar som nyttar retten i private vidaregåande skolar, vil følge normal opplæring, og skolen vil få statstilskott etter den fastsette satsen for det utdanningsprogrammet eleven følgjer. Nokre skolar får tilskottsats for ressurskrevjande elevar etter forskrifta til privatskolelova kapittel 9A. Dersom ein elev ved ein slik skole får innvilga rett til utvida tid som blir teken ut ved skolen, vil skolen framleis få tilskott etter den fastsette satsen for skolen.

Utgifter til spesialundervisning vil følgje dei vanlege reglane i privatskolelova § 3-6. Det blir peika på at det vil vere valfritt om den utvida tida blir teken ut i privat eller offentleg skole.

At føresegnene gjeld *så langt dei passar*, er fordi opplæringslova § 3-1 femte ledd om elevar som har rett til opplæring i og på teiknspråk etter § 3-9 og rett til opplæring i punktskrift etter § 3-10, ikkje skal gjelde for elevar i private skolar. Dette er fordi privatskolelova ikkje har tilsvarande rettar for elevar i private skolar.

Når det gjeld elevar med rett til særskild språkopplæring etter privatskolelova 3-5, understrekar departementet at retten til opplæring i inntil to år ekstra ikkje gjeld for elevar ved norske skolar i utlandet, jf. privatskolelova § 3-5 siste ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 5.

Til overskrift kapittel 4

Overskrifta er endra som følge av at § 4-3 ikkje berre omhandlar krav om politiattest for personalet ved skolen, men også for personalet ved skoleliknande aktivitetstilbod og leksehjelp. Ved å tilføye *m.m.* vil dette lettare kunne regulerast i kapittel 4.

Til § 4-3

Endringane i § 4-3 er langt på veg likelydande med endringane i opplæringslova § 10-9. Departementet viser til merknadene til denne.

Ordet *styret* er erstatta med ordet *skolen*. Dette er ikkje meint å innebere nokon realitetsforskjell.

Det er som nemnt framanfor uvanleg med skoleliknande aktivitetstilbod i ein privat skole. Slike skolar skal som hovudregel berre drive skoleverksemd. Dispensasjon kan likevel givast. For dei tilfella da ein privatskole såleis har høve til å tilby skoleliknande aktivitetstilbod, gjeld kravet om politiattest også for dette tilbodet. Departementet understrekar likevel at eit eventuelt skoleliknande aktivitetstilbod ikkje må vere i strid med privatskolelova § 2-2 første ledd.

Departementet viser elles til omtale og vurderingar i kapittel 3.

Til § 7-1e

I *tredje ledd* er gjort ei tilvisning til § 4-3 om politiattest. Dette er på tilsvarande måte som i opplæringslova og det vises til til merknad til opplæringslova § 13-7a tredje ledd ovanfor.

Ikraftsetjing

Merknad til romartal III om ikraftsetjing:

Departementet tek sikte på at lovendringane i opplæringslova og privatskolelova blir sette i verk 1. august 2011.

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i opplæringslova og privatskolelova (politiattest m.m.)

I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort desse endringane:

§ 1-2 andre ledd skal lyde:

Lova gjeld også for grunnskoleopplæring i private grunnskolar som ikkje får statstilskott etter privatskolelova, og for privat heimeopplæring i grunnskolen.

§ 1-2 nytt fjerde ledd skal lyde:

Etter søknad frå fylkeskommunen kan departementet gi løyve til at fylkeskommunen kan stå ansvarleg for vidaregåande opplæring i utlandet som har som formål at elevane skal få norsk vitnemål ved fullført og bestått opplæring. Opplæringslova gjeld for opplæringa. Så langt det er forsvarleg og nødvendig, kan departementet likevel gjere unntak frå føresegner i lova og forskrifter til lova. Departementet kan endre vilkåra når tilhøva tilseier det, og kan om nødvendig også kalle tilbake det løyvet som er gitt.

Kapittel 10 overskrifta skal lyde:

Kapittel 10 Personalet i skolen m.m.

§ 10-9 skal lyde slik:

§ 10-9 *Politiattest*

Den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i vidaregåande skole, i musikk- og kulturskolen etter § 13-6, i skolefritidsordninga etter § 13-7 eller for å gi leksehjelp etter § 13-7a, må leggje fram politiattest med tilsvarande innhald som er nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd. Kravet gjeld også for personar som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande aktivitetstilbod. Skoleliknande aktivitetstilbod vil seie aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknytning til skolen, og som har karakter av opplæring.

Skoleeigaren kan også krevje politiattest som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd av andre

personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen, i vidaregåande skole eller i tilbod som nemnt i første ledd.

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i musikk- og kulturskolen, i skolefritidsordninga, for å gi leksehjelp eller i skoleliknande aktivitetstilbod som nemnd i første ledd. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.

Departementet gir nærmare forskrifter.

§13-6 andre ledd skal lyde:

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

§ 13-7 sjettede ledd skal lyde:

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

§ 13-7a tredje ledd skal lyde:

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kapittel 14 skal lyde:

Kapittel 14 Tilsyn m.m.

§ 14-1 *Statleg tilsyn*

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova kapittel 1-16 (kommunepliktene). Reglane i kommunelova kapittel 10 A gjeld for denne tilsynsverksemda.

Departementet fører tilsyn med at andre plikter i eller i medhald av opplæringslova enn kommunepliktene, blir oppfylte. Reglane i kommunelova §§ 60 c og 60 d gjeld tilsvarande for tilsynsverksemd etter dette leddet.

§ 14-2 *Statleg råd og rettleiing*

Departementet gir råd og rettleiing i spørsmål som gjeld verksemdar etter denne lova, og skal elles samarbeide med kommunar, fylkeskommunar og eigarar av private skolar for å sikre eit godt og likeverdige opplæringstilbod i samsvar med lov og forskrifter.

§ 14-3 Kommunalt tilsyn med heimeopplæring

Kommunen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skole, og kan òg kalle dei inn til særskilde prøver. Kommunen skal krevje at barnet eller den unge skal gå i skole dersom dei krava lova her med forskrifter stiller til heimeopplæringa, ikkje er oppfylte.

§ 14-4 Informasjonsinnhenting og evaluering

Departementet kan gi forskrifter som pålegg dei ansvarlege for opplæringsverksemd etter denne lova og dei som mottar slik opplæring, å gi opplysningar og delta i evalueringar og rapportere om forhold som er av betydning for evaluering av opplæringsverksemda som er omfatta av denne lova.

II

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skolar med rett til statstilskot blir det gjort desse endringane:

§ 3-3 fjerde ledd skal lyde:

Opplæringslova § 3-1 fjerde ledd om omval og § 3-1 femte ledd om opplæring i inntil to år ekstra gjeld tilsvarande så langt dei passar for elevar i vidaregåande skolar som er godkjende etter denne lova. Heimfylket gjer vedtak.

Kapittel 4 overskrifta skal lyde:

Kapittel 4 Personalet i skolen m.m.

§ 4-3 skal lyde:

§ 4-3 Politiattest

Den som skal tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i vidaregåande skole eller for å gi leksehjelp etter § 7-1e, må leggje fram politiattest med tilsvarande innhald som er nemnt i politiattestregisterlova § 39 første ledd. Kravet gjeld også for personar som skal tilsetjast fast eller mellombels i skoleliknande aktivitetstilbod. Skoleliknande aktivitetstilbod vil seie aktivitetstilbod i regi av skoleeigaren med tilknytning til skolen, og som har karakter av opplæring.

Skolen kan også krevje politiattest som nemnt i politiregisterlova § 39 første ledd av andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen, i vidaregåande skole eller i tilbod etter første ledd.

Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot mindreårige, kan ikkje tilsetjast fast eller mellombels i grunnskolen eller i skoleliknande aktivitetstilbod eller for å gi leksehjelp etter § 7-1e. I andre tilfelle må konsekvensane av merknader på politiattesten vurderast konkret.

Departementet gir nærmare forskrifter.

§ 7-1e nytt tredje ledd skal lyde:

For krav om politiattest gjeld reglane i § 4-3.

III

Lova blir sett i verk på det tidspunkt Kongen bestemmer. Dei enkelte føresegnene kan setjast i verk på ulike tidspunkt.